

Jon Peder Vestad

# Etnisitet og nynorsk

Høgskulen i Volda

Møreforskning Volda

2003

<b>Forfatter</b>	Jon Peder Vestad
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>ISBN</b>	82-7661-188-5 (elektronisk versjon)
<b>ISSN</b>	0805-6609
<b>Sats</b>	Bente Lien
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/fou">www.hivolda.no/fou</a>

**Om arbeidsrapportserien:**

Arbeidsrapporten byggjer på arbeid som både kan vere av førebels karakter og/eller av høg standard. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAaI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfatter.

## Innholdsliste

Forord .....	4
Kapittel 1: Utgangspunktet.....	5
Innleiing .....	5
Nynorsk og etnisitet?.....	5
Problemstilling .....	6
Avgrensing .....	7
Kapittel 2: Teoretisk grunnlag.....	8
Menneske, gruppe og språk.....	8
Førestelte fellesskap .....	9
Kapittel 3: Sideblikk.....	11
Språkleg identitet i Noreg .....	11
Språk og identitet i ulike samfunn.....	11
Undersøkingar om nynorskbrukarar.....	12
Ei alternativ, nynorsk offentlegheit.....	14
Kapittel 4: Etnisitet og nynorsk.....	16
Omgrepet 'etnisitet' .....	16
Ein etnisitetstest av nynorskbrukarane .....	17
Nynorskbrukarane som ei muleg etnisk gruppe .....	18
Etnisitetstest nummer to av nynorskbrukarane .....	19
Grupper og individ .....	21
Førestelte fellesskap og etnisitet .....	22
'Etnisk gruppe' – nei, 'etnisitet' - ja .....	23
Kapittel 5: Drøfting .....	24
Vanskar med etnisitetsomgrepet .....	24
Etnisitet er dynamisk .....	25
Nynorskbrukarane som ein minoritet .....	27
Fleirtalet og mindretalet .....	28
Etnolingvistisk identitetsteori.....	29
Bruk og ikkje-bruk av etnisitetsomgrepet .....	30
Kapittel 6: Samandrag og konklusjon .....	32
Korfor omgrepet 'etnisitet' kan vere nyttig.....	32
Det nynorske, dei nynorske og etnisitet .....	33
Kjelder.....	34
Trykte kjelder: .....	34
Nettkjelder:.....	36

## Forord

Denne arbeidsrapporten byggjer på det vitskapsteoretiske innlegget eg heldt ved Universitetet i Bergen (UiB) 25. januar 2001. Innlegget bar namnet "Omgrepet 'etnisitet' i ein norskspråkleg samanheng", og vart godkjent som ledd i doktorgradsutdanninga eg har følgd. Fyrsteamanuensis Rasmus Slaattelid frå Senter for vitskapsteori og professor Gunnstein Akselberg ved Nordisk institutt, både ved UiB, var opponentar til innlegget. Professor Helge Sandøy (UiB) har vore rettleiar undervegs i arbeidet med dette innlegget, som rettleiar for doktorgradsprosjektet "Når skrift er tale". I denne rapporten har eg tatt omsyn til innspel frå dei, og eg har også justert innhaldet noko på andre punkt. Dessutan har eg tatt inn anna materiale som er eigna til å kaste lys over emnet.

Ein stutt, populærvitskapleg artikkel som eg har skrive om same emnet er trykt i Syn og Segn 2/2002 med tittelen "Den nynorske etnisiteten". Grunnen til at eg sender ut denne arbeidsrapporten, er at eg ikkje kjenner til at dette emnet – det nynorske i Noreg i eit etnisk lys – har vorte behandla grundig fagleg før. Eg håper denne utgreiinga kan vere til nytte for folk som er interesserte i nynorsk skriftkultur og den norske språksituasjonen.

Jon Peder Vestad, november 2003

# Kapittel 1: Utgangspunktet

## Innleiing

På eit seminar Noregs Mållag stelte til i november 2000, sa kulturminister Valgerd Svarstad Haugland "at nynorsk er meir enn eit språk --- det er eg for min del ikkje i tvil om" ([www.odin.dep.no](http://www.odin.dep.no)). Ho viste til historia og kulturen vår, og meinte at "nynorsk og bokmål er språklege uttrykk for to ulike tradisjonar, to ulike kulturar, som opphavleg stod mot kvarandre og kjempa om nasjonalt hegemoni" (ss). Og i dagens Noreg inneheld 'det norske' fleire kulturelle stemmer, der 'det nynorske' er noko som fell saman med andre verdiar og handlingsmønster, i den grad at det har ei viss kulturell og politisk kraft og sosial vekt.

Etnisitet er viktig. Det ser vi av konflikhtar på ulike nivå der nettopp etnisitet blir dratt inn som ein vesentleg faktor. Men at omgrepet kan nyttast om forhold mellom menneske som har norsk morsmål, er ikkje like klart. I Noreg er vi vane med at ordet er nemnt i samband med folkeslag i eller frå fjerne strøk, og det etniske har vore knytt til det eksotiske, akkurat som 'stamme'. Enno trur nok mange at etnisitet har med rase og utsjånad å gjere, og ikkje at det gjeld sosial organisering ut frå kulturelle band og skilje. Det kan nok sikkert også verke provoserande å dra inn ein etnisk dimensjon i forholdet mellom brukarane av to *skriftspråk* som bokmål og nynorsk, ja, mange vil nok i utgangspunktet avvise heile tanken. Nettopp derfor kan det vere nyttig å ta opp emnet, ikkje unngå det. Ved å granske litteratur om etniske grupper og etnisitet, og analysere dette i lys av annan kunnskap om norske språkforhold, ønskjer eg å rette søkjelyset mot fenomenet etnisitet i ein norsk-språkleg samanheng. Eg er sjølvstundt vel vitande om ulike slags vanskar ved å gjere noko slikt.

Denne utgreiinga er bygd opp slik: Etter at eg har gjort stutt greie for emnet og problemstillinga i dette kapitlet, orienterer eg i kapittel 2 om det teoretiske grunnlaget, før eg i det tredje kapitlet aktualiserer emnet ved nokre sideblikk på språkforhold i Noreg og andre land. I det fjerde kapitlet bruker eg mellom anna kjennemerke for etniske grupper på nynorskbrukarane i to "etnisitetstestar", og i det femte kapitlet drøftar eg bruka av etnisitetsomgrepet i samanheng med norskspråklege forhold. Det sjette og siste kapitlet inneheld ei oppsummering og ein konklusjon.

## Nynorsk og etnisitet?

Samfunnsutviklinga har på fleire punkt aktualisert omgrepet 'etnisitet' i ein norsk samanheng. I utviklinga av dei vestlege samfunna som vi kjenner dei i dag, har ulike undertrykte grupper (som kvinner) og mindretalsgrupper kjempa seg fram til og fått fleire rettar. Dei har i stor grad fått auka bevisstheit internt, og er synlegare i samfunnet. Samstundes har samfunnet utvikla seg slik at det er naturleg å ha meir omgang med menneske frå andre grupper og samfunnslag

enn før. Menneske med bakgrunn frå andre kulturar har flytta til Noreg, og har gjort det etniske mangfaldet i landet større enn for fire-fem tiår sia, da befolkninga var sett saman av nordmenn, samar og finnar, og nokre få, små andre grupper (taterar, jødar, sigøynarar). Dette synlege mangfaldet har gjort noko med identitetar på gruppe- og samfunnsnivå, og kan sjølvstøtt også knyttast til den auka merksemda etnisitet generelt sett har fått.

Sosialantropologen Thomas Hylland Eriksen (1997) meiner at representantar for minoritetsspråk og etniske minoritetar i vår tid er *bevisste* at dei representerer ein særskilt kultur og er opptatt av å halde på det som skil dei frå andre. Den sjølvbevisste minoritetsidentiteten er avhengig av kontakt med og eit visst innblikk i det som han er ulik og står i motsetning til, som oftast ein majoritetskultur. Det er mye som talar for at denne ”moderne” sjølvbevissteita Hylland Eriksen nemner har følgd dei som har arbeidd for landsmål og nynorsk opp gjennom åra, trass i at dei ikkje har følt seg som representantar for noko mindretal. Men ”målstrevet” har også vore ein kamp knytt til moderniteten som tidsånd. Dei strevde for ein rettmessig plass for seg og sitt i det gamle klassesamfunnet, der dei såg at dei skilde seg ut frå borgarskapet.

Her ser vi fleire parallellar til det Hylland Eriksen tek opp. Ein etnisk identitet er støtt definert gjennom det at kulturelle kontrastar blir identifiserte. Kontakt med andre slike identitetar og særprega veremåtar i det heile har det vorte mye meir av i den moderne, kapitalistiske nasjonalstaten som inuittane er ein del av. Eriksen meiner at etnisitet er ein ibuande del av moderniteten (Eriksen 1997:32). Også fordi ”det nynorske prosjektet” høyrer til moderniteten, vil eg sjå nærare på etnisitet.

## **Problemstilling**

Problemstillinga for dette arbeidet er: *Kan det vere fruktbart å nytte omgrepet ’etnisitet’ i utgreingar om forholdet mellom bokmåls- og nynorskbrukarar?* I dette legg eg at syn for etnisitet kanskje kan tilføre oss kunnskap som vi elles ville gå glipp av. Vitskapsteoretisk meiner eg ei drøfting av omgrepet kan vere interessant fordi det vil syne om ein analysereiskap frå sosialantropologien kan la seg bruke i norsk sosiolingvistik.

Eg ser minst to grunnar til at problemstillinga kan ha noko for seg. For det fyrste blir nynorskbrukarar peikte ut som enkeltmenneske og gruppe alt av omgrep som målstrevar, målfolk og målrørsle, nynorskkvinne og nynorskmann. Ord som nynorsking og nynorskfanatkar kjenner vi også. Knytt til desse orda finst det ikkje berre menneske, men også til dels bestemte oppfatningar av korleis desse menneska er. Orda syner vidare til eit skilje blant dei som bruker nynorsk: dei mange som meir eller mindre tilfeldig har nynorsk som sitt skriftspråk, og ei mindre, godt organisert gruppe, målfolket, som syner eit

engasjement for målforma, ofte som teikn på eit breiare samfunnssyn. I eit innlegg i Dag og Tid 9. februar 2002 kalla eg dei ”personleg nynorske”.

Den andre grunnen til å velje denne problemstillinga er den sentrale rolla språk har i gruppedanning og nasjonsbygging. Utpeikinga av nynorskbrukarar med ord er alt nemnd, og at det språklege har hatt stor symbolsk verdi i Noreg er kjent. Det gjeld både i strevet for ein sjølvstendig stat med språkleg lausriving frå Danmark som mål, og i ein kamp mellom ulike kulturelle tradisjonar borne fram av ulike samfunnslag. Kan dette også ha hatt med etnisitet å gjere?

Uavhengig av historie, rettskrivingsreglar og oppfatningar så er dei to norske målformene gjensidig forståelege. For dei fleste norskspråklege er det greitt å forstå den andre målforma, det er oftare snakk om kva ein liker eller identifiserer seg med, og haldningar like mye knytte til brukarane som til målformene. Vi kjenner til ”riksmål, landsmål og slagsmål”, altså strid som spring ut av språkstoda i landet. Thomas Hylland Eriksen (1998) skriv at ”etnisitet ofte har størst betydning i forholdet mellom grupper som står hverandre nær hva språk, skikker og konvensjoner angår” (Eriksen 1998:363). Ei gransking av fenomenet etnisitet kan klargjere om omgrepet gjer det lettare å oppdage handlingsmønster bak det mangfaldet som vi kan kalle den ”etnisk norske” kulturen som botnar i ulike tradisjonar, verdiar og konflikhtar. Med eit utgangspunkt i etnisitet kan det også mulegvis vere enklare å sjå og skjønne korfor slike særdrag kan vere så viktige for enkeltmenneske og grupper, og ikkje minst: Omgrepet kan kanskje tilføre noko nytt i forståinga av at dragkampen mellom bokmål og nynorsk er så seig og strid. For ein nyfiken granskar kan dette peike mot etnisitet.

## **Avgrensing**

I dette arbeidet tek eg ikkje grundig opp forholdet mellom etnisitet og nasjon, sia dette er omgrep som ikkje *treng* henge saman. Ei opning for nasjonsomgrepet kunne ha gitt det historiske vel mye plass, både knytt til nasjonsbygginga og til språkutviklinga. ’Kultur’ står sentralt i forståinga av etnisitet, men kulturomgrepet er i seg sjølv så omfattande at eg må la det liggje. Det hindrar meg ikkje frå å nytte det. Det same gjeld ’identitet’, som eg kjem inn på i samband med tilhøvet mellom individ og gruppe. Eg finn elles grunn til å sjå på omgrepet etnisitet både andsynes nynorskbrukarar som ei samla gruppe, og dei som blir omtalte som målfolk.

## Kapittel 2: Teoretisk grunnlag

### Menneske, gruppe og språk

Det teoretiske grunnlaget som denne utgreiinga i hovudsak byggjer på, er ein teori om talehandlingar som identitetshandlingar, og ein sosial identitetsteori. I båd tilfelle er teoriene nytta om forholdet mellom enkeltmenneske, grupper og språkbruk.

Teorien om talehandlingar som identitetshandlingar er sett fram av R.B. Le Page og Andrée Tabouret-Keller i boka *Acts of Identity* (1985). Ifølgje teorien kan tilbakemeldingar ein språkbrukar får når han ytrar seg, prege språkbruken både i form og innhald. Alle ytringar eit menneske kjem med, er påverka av publikum, emne og samanheng. Slik skaper individet sjølv mønstra for den språklege åtferda si for å likne dei i gruppa eller dei gruppene som ein der og da ønskjer å bli identifisert med. Det motsette gjeld dei ein ikkje vil likne. Bak omgrepet 'identitet' finn vi eit nettverk av identitetar, skriv Andrée Tabouret-Keller. Dei syner avtaler, lojalitetar, pasjonar og hat som menneske prøver å ta omsyn til i stadig skiftande kompromiss-strategiar (Tabouret-Keller 1997:321). Ønsket om å bruke språket på ein bestemt måte syner seg også att i evna til å forstå. Frå språkforskning kjenner ein til at enkelte kan nekte å vere ved at dei forstår menneske som dei misliker og ikkje vil identifiserast med (Le Page/Tabouret-Keller:185). Dette kan vere ei årsak til at vi av og til møter påstandar om at folk ikkje forstår nynorsk eller ein bestemt dialekt.

På grunn av den vekta som blir lagt på *identitetshandlingar*, meiner sosiolingvisten Kjell Venås at det er rettast å forstå språkvala enkeltmennesket gjer som ei projisering, ei overføring av ei indre verd til den ytre verda gjennom språket. Ein tek altså til seg det ein meiner er reglane til dei gruppene som ein oppfattar som sosialt attråverdige, i den grad ein ønskjer å bli identifisert med dei (Venås 1997a).

Den sosiale identitetsteorien prøver å syne korleis ei gruppe, eit fellesskap, blir til i mennesket, og på den måten fører til ei bestemt åtferd. Teorien byggjer på sosialpsykologi, er påverka av sosiologi og er ein reiskap til å studere dynamikken mellom ulike samfunnsgrupper med, som den norske språkstriden. Teorien er også kjent som SIT, og her blir det særleg lagt vekt på den sosiale identiteten til mennesket. Michael A. Hogg og Dominic Abrams forklarar 'sosial identitet' som at eit enkeltmenneske har kunnskap om at det tilhører visse sosiale grupper, samstundes som at medlemskapen i gruppa har ei viss kjenslemessig vekt og ein viss verdi for det (Hogg/Abrams 1989:7, etter Tajfel 1972). I den sosiale identiteten finn vi dermed sosiale identifiseringar, sjølvoppfatningar som kjem av at ein er medlem av sosiale kategoriar med opphav i kjønn, yrke, nasjonalitet og liknande. I visse tilfelle blir denne gruppeidentiteten sett på som meir avgjerande for sjølvoppfatninga enn den personlege identiteten, som vanlegvis er knytt til særskilde eigenskapar ved individet.



Mennesket prøver å skape orden av muleg kaos, og søker seg til grupper. Desse sosiale gruppene oppfyller behov både enkeltmenneske og samfunnet har for eksempelvis orden og struktur (Hogg/Abrams 1989:17-18, 24-25).

## **Førestelte fellesskap**

Dei to identitetsteoriane er gode reiskapar når ein ser på kva språkbruk har å seie på individ- og gruppenivå. På nasjonsnivået meiner eg at omgrepet *førestelte fellesskap* har noko for seg. Formuleringa 'imagined communities' blir nytta av Benedict Anderson i ei bok med same namnet (1983), og på norsk blir det altså sett om med 'førestelte fellesskap'. Dette er samanslutningar som menneske tilhører fordi dei tenkjer seg, føresteller seg, at dei hører i hop med andre med same oppfatninga. Det nasjonale Anderson har for auget er ikkje det sentrale i bruken av omgrepet 'førestelt fellesskap' i denne samanhengen, men kjensla av å høre til i eit fellesskap.

I utdjupeinga av grunnane til at ein nasjon er førestelt nemner Anderson at dei fleste medlemmene – til og med i dei minste nasjonane – aldri kjenner til dei fleste av medlemmene sine. Likevel har dei ei førestelling om at det finst eit fellesskap dei imellom. Anderson går så langt som å seie at alle fellesskap der medlemmene ikkje har ansikt-til-ansikt-kontakt, er førestelte. Nasjonalitet, også kalla nasjonskap (nation-ness), er akkurat som nasjonalisme ein kulturgjenstand (Anderson:4). Det er ikkje noko vi er fødde med, men har funnest i kulturkrinsen vår dei siste hundreåra. Anderson forklarar nasjon som eit kulturelt fellesskap som både er avgrensa i utbreiing, og sjølvstendig (Anderson:6). Kor sterkt medlemmene kjenner seg knytte til eit førestelt fellesskap, varierer, akkurat som tilknytninga til ei etnisk gruppe. Endre Brunstad (1997) kritiserer Anderson for at han knyter ideen om førestelte fellesskap til nasjonalisme og framveksten av nasjonalstatar, og ikkje fangar opp nasjonale retningar innafor og på tvers av statlege kommunikasjonsfellesskap (Brunstad 1997:20). Målrørsla er eit døme på dette.

Ideen om eit nasjonalt fellesskap er knytt til nasjonalismen vi kjenner frå 1700- og 1800-talet og fram til våre dagar. Anderson peiker på utviklinga av trykkekunsten og den rolla standardspråk hadde da nasjonar vart danna. Ei følgje var ikkje berre eit sterkt ønske om eitt språk, men også om at nasjonen skulle ha *sitt eige språk*, skriv Einar Haugen (1972). Dette vart – og blir – brukt som argument for landsmål/nynorsk og mot dansk/bokmål. Språklege fellesskap på eit nasjonsplan krev indre samanknytning og ytre utskiljing, jamfør oppdelinga i inn- og utgrupper. Dette oppmuntrar lojalitet til språket hos språkbrukarane, og styrkjer førestellinga om at å danne ein nasjon krev at det også skal vere eitt språk som ein kan kommunisere på. Dersom ein i eit land må bruke meir enn eitt språk til offentlege føremål, er ikkje indre konflikter til å unngå. Unnataket er om nasjonen er laust samanbunden og språkgrensene er stabile, som i Sveits (Haugen:104). I Noreg finn vi nettopp strid om språk.

Haugen nemner også at den norske målrørsla har vorte svekt av at dansk rådde i unionstida, og dermed hadde eit godt feste i samfunnet. Samstundes har målrørsla ifølgje Haugen vorte styrkt av at dansk ikkje er eit av dei store, internasjonale språka (Haugen 1972: 104).

Eit førestelt fellesskap kan ha både synlege og usynlege band som gjer at ein med rette kan snakke om eit fellesskap. Dei synlege banda blir blant anna skapte av ulike måtar å bruke språket på, som skrift, tale og song. Døme på usynlege band er kjensler som sympati og solidaritet, altså haldningar. Omgrep som nasjon, nasjonal, nasjonalitet og nasjonalisme kan oppfattast og brukast på fleire måtar, og ei utgreiing om dette hører ikkje heime her. Men det lyt sjølv sagt nemnast at i Noreg har fyrst landsmålet og seinare nynorsken vorte sett på som ledd i den politiske frigjeringa frå Sverige og den kulturelle frigjeringa frå Danmark. Ikkje minst frå nynorskald blir målreisinga ofte sett på som ein del av nasjonsbygginga, slik som arbeidet for finsk i Finland og estisk i Estland. Sigurd Skirbekk skriv at på den tida målfolk kravde rett til å bruke nynorsk, var "heile folket inne i ein kulturell og politisk frigjeringsprosess og på leit etter nasjonal identitet. Nynorsken kunne styrke den nasjonale identiteten ved å gi medvit om lange språkhistoriske røter på nasjonal grunn" (Skirbekk:79). Til gjengjeld kunne målreisinga tene på å bli identifisert som "ein del av den allmenne nasjonale frigjeringsrørsla. Alliansen mellom norskdom og nynorsk kom mest av seg sjølv", meiner Skirbekk (Skirbekk:79). Ein del meiner at det er og skal vere slik også i dag, både nynorskbrukarar og andre.

## Kapittel 3: Sideblikk

### Språkleg identitet i Noreg

Det nynorske i dagens Noreg blir av og til omtalt som *Nynorsk-Noreg*, som ein parallell til eksempelvis Svenskfinland i Finland. Både desse omgrepa viser til ein kulturell sfære som femner om teater, skule, medium og liknande, men også til geografiske område. Der er bruk av den nynorske målforma det som bind eller kan binde medlemmene saman, anten ein nå ser på dette sambandet innafrå fellesskapet eller med ståstad utafør. Nynorskbrukarane blir dels inngjerda eller peikte ut av folk som ikkje bruker nynorsk, dels er det snakk om ei eigenkategorisering av nynorskfolk med ei tydeleg haldning til språkforma dei nyttar. Det finst også ein del menneske som kan kjenne seg heime både hos fleirtalet og mindretallet – menneske som bruker eller i det minste har eit nært forhold til både bokmål og nynorsk. Dei kan ha to eller fleire språklege identitetar.

Det er både muleg og naturleg å ha fleire språklege identitetar. For mange i Noreg kan dette verke uvanleg, kanskje for fleirtalet av oss. Vi er vane med å snakke dialekt, og unngår helst å leggje om talemålet vårt mye. Likevel ser det ut til at fleire, særleg på Austlandet, vekslar mellom to slags talemål, ei lokal eller regional dialekt, og ei overregional norm (Sandøy 1998:98). I samiskspråklege miljø held også folk seg med to språk, samisk og norsk, og dette mønsteret er det vanlege blant finlandssvenskar i Finland, tyskspråklege i Sønderjylland, frisarar i Nederland og uendeleg mange andre stader.

I Noreg har bruk av nynorsk vore borte fram og støtta av rørsler, og arbeidet for reell språkleg jamstelling har vore eit prosjekt der skuleklasser, yrkesgrupper, kommunar og liknande små og store einingar har vore i fokus. Einar Økland meiner at å "hevde eigen språkleg identitet i dag - etter to verdenskrigar og etter to etterkrigstider - er ikkje lenger eit gruppeprosjekt, men noko kvar einskild steller med sjølv" i Noreg (Økland 1997:23). I lengda vil denne individualiseringa kunne svekkje eit språkleg fellesskap, jamfør assimileringa av finlandssvenskar (sjå t.d. Tandefelt:36-37). Dette fortel likevel ikkje noko om dei kjenslene medlemmene har til slike fellesskap, og - for det vi kan kalle språkklyvde eller fleirspråklege menneske - kor lojaliteten stikk djupast eller kjenslene er sterkast.

### Språk og identitet i ulike samfunn

I somme språksamfunn er språket det som verkeleg skil ei gruppe frå andre. Slik er det for dei svensktalande i Finland, til dømes. Men det treng ikkje vere slik. Beachy-amishane i USA har relativt nyleg skifta språk, frå eit alderdommeleg tysk til amerikansk engelsk, men dei har halde på andre delar av kulturen sin. Her er det trusfellesskapet og livsførselen dei har som er det vesentlege i kulturen, ikkje språket. Ved å bruke engelsk opnar dei seg meir for

storsamfunnet, og ved å slutte å bruke tysk, syner dei samstundes avstand til andre, liknande religiøse grupper som dei ikkje vil bli identifiserte med (Johnson-Weiner:384-390). Det same kan vere tilfelle når menneske ”flyttar frå” talemålet sitt, eller når nynorskbrukarar går over til bokmål når dei skiftar bustad, utdanningsinstitusjon eller arbeidsplass.

Eit interessant utalandisk døme på tilpassing til det språket som har prestisje i samfunnet, finn vi i Papua Ny-Guinea. Der var det rundt 1000 menneske som snakka blandingspråket Tok Pisin i 1890, etter nokre år var talet auka til 15000, og på 1930-talet hadde Tok Pisin 100 000 brukarar. Ved folketeljinga i 1966 hadde språket over ein halv million brukarar, og nå reknar ein med at dette ganske nye språket blir snakka av kanskje eit par million menneske. Det er innfødde språk som har måtta gje tapt andsynes Tok Pisin, og nå er det muleg at engelsk kan truge Tok Pisin att (Crowley:87).

Folk kan også velje bort språk på grunn av aktiv eller passiv undertrykking, eller fordi språket ikkje har nokon prestisje. Nettopp undertrykking og mangel på prestisje kan bli sett på som hovudgrunnar til at bruken av oksitansk og bretonsk har gått så mye attende i Frankrike - men i Bretagne ser vi at etableringa av ein eigen bretonsk tv-kanal kan vere med på å auke prestisjen til språket. Media har prestisje, bruk av språk i media kan gje språket prestisje, og dermed styrkje den lokale identiteten. Om det i lengda styrkjer livskrafta til eit utsett språk som bretonsk, står att å sjå.

Ei undersøking av språkhaldningar og kulturell identitet blant cajun-folket, dei franskætta i Louisiana i USA, syner at cajunane ser ut til å stille krav til det å vere cajun som passar dei sjølve. Somme set strenge reglar for å høre til fellesskapet, dei må stamme frå franskmenn som laut flytte frå Nova Scotia i Canada, andre godtek folk som har franskspråkleg bakgrunn, atter andre meiner at cajunar er dei som har tatt opp drag frå cajun-kulturen. Ein del av dei som snakkar cajun-fransk flytande - og dermed skulle vere av dei som hadde klarast cajun-identitet - reknar seg lell helst som borgarar av USA, og dette er gjerne eldre, ressursvake menneske. Dette er eit fellesskap som har gått frå å vere språkleg til å bli *kulturelt* (Dubois/Melancon 1997).

I den grad det finst eit nynorsk fellesskap i Noreg, er det språkleg i kjernen, men kan også ha andre kulturelle særdrag. Det finst også klare oppfatningar om korleis nynorskbrukarane er.

## **Undersøkingar om nynorskbrukarar**

Korleis nynorskbrukarane er eller blir oppfatta, kan undersøkjast på ulike måtar, og ei tilnærming er sjølvforståinga ein kan finne mellom linjene i publikasjonar på nynorsk. I ein analyse av familiebladet For bygd og by (FBB) har Aslaug Nyrnes (1985) sett på menneskesynet der. I gjennomgangen av 1927-årgangen fann Nyrnes ein idealtipe: Det

nynorske mennesket er klokt og balansert, ein verdig representant for bondestanden, men er også individualistisk (Nyrnes:109-110). Det (ny)norske mennesket bur på bygda og nyttar landsmål, og skal samstundes vere på høgd med "den dominante kulturen og ikkje bli utestengd frå denne" (Nyrnes:120). Det kulturelle alternativet som FBB målbar, sto i opposisjon til arbeidarkulturen, men motstanden mot den dominerande borgarskapskulturen var tydelegare. Nyrnes finn at bladet formidlar ein romantisk nasjonalisme, med samanheng mellom folk, ånd, språk og nasjon (Nyrnes:121).

Statistikaren Ottar Hellevik (2001) har undersøkt om nynorskbrukarar skil seg frå bokmålsfolk på 1990-talet i intervjuprosjektet Norsk Monitor. Utdanning viste seg å ha lite å seie for val av målform, medan langt fleire nynorskfolk bur på landsbygda enn i byane. Det motkulturelle viste seg ved at nynorskbrukarane oftare var personleg kristne og fråhaldsfolk enn bokmålsbrukarar. Men mønsteret er ikkje heilt klart. Blant nynorskfolk var elles fleire mot norsk EU-medlemskap enn i folket under eitt, og nynorskbrukarane hadde oftare tradisjonelle, idealistiske og politisk radikale livsoppfatningar. Mellompartia – Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre – var overrepresenterte blant nynorskbrukarane, men i byane stemte nynorskfolk oftare enn andre SV og RV. Akkurat det var ikkje tilfelle i nynorskkommunane. Likevel ser Hellevik ei politisk radikaliserings og fleire såkalla idealistar blant nynorskbrukarane, på same tid som båe språkgruppene var mindre tradisjonelle i verdisyn på slutten av 1990-talet enn før. Men bokmålsfolk var framleis meir materialistiske enn nynorskbrukarane (Hellevik 2001:117-139).

Håvard Teigen (2001) har undersøkt skilnader mellom bokmålsstrøk og område der nynorsk er mye brukt. Utgangspunktet Teigen tok, var at "regionar der folket får bruke sitt eige og dialektnære språk, blir meir kreative. --- Ein kan også tenkje seg at språk skaper regional identitet og heimekjensle" (Teigen 2001:141). Ved å undersøkje folketalsutvikling, flyttemønster og haldningar, såg han skilje som følgde målforma. Folketalsutviklinga var betre i nynorskkommunane, blant anna fordi det blir fødde fleire barn der enn i bokmålskommunar. Folk som brukte nynorsk, var meir opptatte av å ta vare på lokal identitet og tradisjon, og var au nærare knytte til heimkommunen (Teigen:171). Teigen fann teikn som synte at nynorsk *kan* vere ei kraft som påverkar samfunnsutviklinga. Nynorskkommunane var til dømes meir motstandsdyktige mot sentralisering. Utkant-Noreg blir "avfolka og tynnast ut, men dette gjeld bokmålsutkanten, ikkje nynorsk-utkanten" (Teigen:147). Teigen peiker au på at dei "dynamiske og kreative industrielle regionane" Jæren og Sunnmøre høyrer til det nynorske kjerneområdet. Teigen konkluderer varsamt at det kan vere at nynorsk og dialektbruk "har vore med på å byggje regional identitet, sjølvkjensle og sjølvtilitt" (Teigen: 171). Dette er ei oppfatning som folk utan rot i det nynorske kanskje ikkje aksepterer så lett.

Det er ikkje ukjent av enkelte av oppfatningane av nynorskbrukarar i norsk offentlegheit helst kan kallast fordommar. På 1990-talet undersøkte Åse-Berith Råbu (1997) haldningar til

språkbruk hos elevar i Stavanger. Om lag nitti prosent av dei som var med, meinte at "bønder er de menneskene som oftest har nynorsk som hovedmål" (Råbu:150). Rundt seksti prosent svarte at ein typisk nynorskbrukar bur i ei bygd eller på gard. Stavanger har mye nynorsk i nabokommunane, og Råbu nemner at på Sørlandet og Austlandet "tenker man muligens heller på Vestlandet når man hører ordet nynorsk" (Råbu:150). Målforma påverkar statusadjektiv som intelligent, urban og høgt utdanna, men ikkje til fordel for nynorsken (Råbu:77). Mange skildrar ein typisk nynorskbrukar "som en lavt utdannet, gammeldags kledd person fra landsbygda" (Råbu:89). Råbu påviser fasttømra oppfatningar, der eit bygdemenneske er ein nynorskbrukar, og dette mennesket er 'bonde' "som synonym for dum og "teit"" (Råbu:92).

Minste felles multiplum for desse undersøkingane er at nynorskfolk stort sett bur i Bygde-Noreg og ikkje er urbane.

### **Ei alternativ, nynorsk offentlegheit**

Det finst ei alternativ, nynorsk offentlegheit, men ho er ikkje like synleg sett frå utsida av det nynorske Noreg. Grunnlaget for denne offentlegheita er det mindretalet i samfunnet som har nynorsk som skriftspråk.

Den språkkonservative interesseorganisasjonen Riksmålsforbundet undersøkte i september 2000 kor mange som brukte kvar av dei to norske målformene. Den private skriftnorma riksmål var slått saman med det offisielle bokmålet i granskinga. Resultatet synte at 85,8 prosent av dei knapt 4100 spurde nytta riksmål/bokmål. 8,5 prosent nytta nynorsk, og 5,3 prosent baa målformer. Undersøkinga viser dermed at 13,8 prosent alltid skriv nynorsk privat eller skriv nynorsk og bokmål omtrent like mye. Riksmålsforbundet syner til ei liknande undersøking i 1995, da det viste seg at 87 prosent nytta berre bokmål, 7,4 prosent berre nynorsk og 5 prosent baa målformer. Dette kan tyde på ein liten framgang for nynorsken. Baa desse undersøkingane syner samstundes noko anna: Det finst ein del menneske som bruker både bokmål og nynorsk, og som dermed kan ha to språklege identitetar. Dersom desse tala blir førte over på samfunnet som eit heile, er det over 600 000 som nyttar nynorsk i Noreg.

Oslo er det organisatoriske senteret for dei fleste og største nynorsktiltaka, men reint geografisk finn vi tyngdepunktet for nynorsk som bruksmål i dei fire vestlandsfylka og i fjell- og dalområde på Austlandet. Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) organiserer størsteparten av dei kommunane der nynorsk er vedtatt offisiell målform. 1. januar 2001 hadde organisasjonen 106 medlemmer, 99 av dei kommunar, resten fylkeskommunar og interkommunale tiltak ([www.lnk-nytt.no](http://www.lnk-nytt.no)). I dei kommunane der nynorsk er administrativ målform, finn vi over 200 000 arbeidstakarar og 21000 bedrifter. Til saman hadde dei nynorske kommunane og fylkeskommunane over 34000 årsverk i 1998 (Hoel 2002). Vi ser elles at nynorskkommunane er mange og utan store innbyggjartal. Men nynorsk er ikkje berre

”landsmål”. Nynorsk er bymål i Odda og Stord i Hordaland, Florø, Førde og Måløy i Sogn og Fjordane, Fosnavåg og Ulsteinvik i Møre og Romsdal. I fleire andre byar finst det nynorsk i skuleverket, i kyrkjesokn og andre samanhengar. Det gjeld mellom anna Sandnes, Bergen og Ålesund.

Eit overgripande samarbeidsorgan for ulike aktørar med nynorsk som arbeidsfelt og -språk, Nynorsk Forum, vart starta i 1996 og har mange av aktørane i den nynorske offentlegheita knytt til seg. Nynorsk Forum er ”eit organ for erfaringsutveksling og kompetanseutvikling på nynorsksida” (Grepstad 2002:52), og i 1998 var desse med i forumet: Bondeungdomslaget i Oslo, Dag og Tid, Det Norske Samlaget, Det norske Teatret, Ivar Aasen-stiftinga, Kringkastingsringen, Norske Lagsbruk, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Norsk Barneblad, Norsk Målungdom, Norsk Ordbok og Nynorsk pressekontor (NF:9). Seinare har blant anna Nynorsk kultursentrum komme til. Nynorsk Forum og kontaktane som blir knytte på kryss og tvers der kan vere ein viktig – men lite synleg – maktfaktor for nynorsken, særleg i og for den nynorske offentlegheita.

Vi ser at kultur og media er godt representert i den nynorske offentlegheita, og her finst det også fleire arenaer og aktørar, som tidsskriftet Syn og Segn, det kristelege bladet Stille Stunder, barnebokklubben Blåmann og Norsk Målungdom. Dessutan blir det gitt ut mange aviser som heilt eller delvis kjem ut på nynorsk. I år 2000 vart det til saman gitt ut 65 lokalaviser med nynorsk som einaste eller dominerande målform, og dette er over tretti prosent av avistitlane i Noreg. Desse avisene hadde i underkant av ni prosent av det samla opplagstalet i 1999. Region- og riksaviser som har ein del nynorskstoff, er halde utafør dette talet. Knapt sytti prosent av avisene blir gitt ut i dei fire vestlandsfylka (Sande 2000:97-98).

Det finst i tillegg andre organisasjonar og tiltak som er knytte til målrørsla på eitt eller anna vis. Noregs Ungdomslag er eitt, og i husflids-, folkemusikk-, folkedans- og revymiljøa er det mange band til nynorsken og målsaka. Og framleis er det språklege ein faktor med vekt i partipolitiske samanhengar, særleg i mellompartia (Venstre, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti) og på venstresida.

## Kapittel 4: Etnisitet og nynorsk

### Omgrepet 'etnisitet'

Noko som kan ha innverknad på både språkbrukar og språkbruk, er ifølgje den sosiale identitetsteorien den oppfatninga ein har av seg sjølv som medlem i eit fellesskap, og det inntrykket ein har av språkbruken i dette fellesskapet. Sjølv om det ikkje treng verke innlysande å dra inn etnisitet i samband med ei undersøking av norske språkbrukarar, vil eg likevel gjere greie for nokre sider ved forholdet mellom språk og etnisitet. Det kan mellom anna hjelpe til å kaste lys over arbeidet for å utbreie nynorsken, og til å forstå 'det nynorske' på individ-, gruppe- og nasjonsnivå.

Omgrepet 'etnisitet' blir brukt i analysar av fenomen som har funnest i uminnelege tider. Faguttrykket ser fyrst ut til å ha vore brukt i 1950 (Fishman 1997:329), kanskje på 1940-talet (May:26). I norsk samanheng er det såpass lite brukt utafør bestemte fagmiljø at det ikkje er med i Nynorskordboka frå 1994. Der finn vi derimot 'etnisk', "som gjeld eller særmerker eit folkeslag eller ein rase". I Bokmålsordboka finn vi "etnisite't -en (fra gr, se etno-) den identitet en person el. gruppe får ved å tilhøre en folkegruppe, etnisk identitet, gruppetilhørighetsforhold". Det er fyrst dei siste åra ein norsk etnisitet omtalt, og bruk av ordet ser ut til å breie seg, jamfør at vi rett som det er nå kan høre om 'etniske nordmenn'.

'Etnisitet' blir behandla innafor ulike fagtradisjonar, og vi kan finne ulike og dels motstridande oppfatningar av omgrepet. Kva som ligg i omgrepet er mellom anna drøfta av Stephen May (2001) og Thomas Hylland Eriksen (1998), og av den norske antropologen Fredrik Barth (1969, 1994) som tidleg aktualiserte bruken av ordet. I sosiolingvistisk litteratur er omgrepet kjent og nytta (sjå til dømes Coulmas, Johnstone, May), men ikkje i nokon indre, norsk-norsk samanheng etter det eg veit av.

Artikkelsamlinga *Ethnic Groups and Boundaries* frå 1969 har hatt mye å seie for oppfatninga av 'etnisitet' i tiåra som har følgt. Fredrik Barth skreiv innleiingskapitlet, og dette tek eg utgangspunkt i. Eg fyller det ut med moment frå ein artikkel av Barth frå 1994, der han kommenterer og utdjuar oppfatningane sine frå 1969, og drag Anthony D. Smith har lagt til.

Barth (1969) forklarar ikkje uttrykkeleg omgrepet 'etnisitet' i innleiinga, men han presiserer kva han legg i 'etnisk gruppe'. I 1994 forklarar han 'etnisitet' som "organiseringen av grupper på grunnlag av kulturforskjeller" (Barth 1994:175). For at eit fellesskap skal kunna ha ei kjensle av etnisitet, ethnie, er det vanleg med samlande kjenneteikn som felles namn, opphavsmytar, historisk minne og ei tilknytning til det ein reknar som heimlandet. Dette kjem attåt ei sjølvopplevd kjensle av "fellesskap mellom store deler av befolkningen, dessuten at dette gir seg utslag i ymse kulturelle fellestrekk" (Veiden/Burkeland:38). Thomas Hylland



Eriksen seier at det er "et aspekt ved en relasjon og ikke en egenskap ved en person eller en gruppe" (Eriksen 1998:365). Barth meiner elles at etnisitet er situasjonsavhengig og i stadig justering, og ikkje nokon opphavleg og uforanderleg eigenskap ved ei gruppe.

## **Ein etnisitetstest av nynorskbrukarane**

Bak etnisitet finn vi etniske grupper, og dette omgrepet femner om ei folkegruppe som ifølgje Barth har bestemte kjenneteikn (Barth 1969:10-11). Desse kjenneteikna skal eg prøve ut på nynorskbrukarane som gruppe.

*1. Ei etnisk gruppe er i stor grad biologisk sjølvforsynt, og har altså ein sikker tilvekst av nye medlemmer.* Nynorskbrukarane har ein nokolunde sikker tilvekst av nye medlemmer, ikkje over alt, men i det minste i viktige nynorskområde. Nynorskbruken i skuleverket held seg temmeleg stabil, sjølv om han har synt tilbakegang i prosent frå 1944 til 1977 og i åra etter 1990 (Vikør 2001). I tal kan nynorsken vise til over 600 000 brukarar, og det er eit stort brukartal samanlikna med fleirtalet av dei språka som er registrerte i verda.

*2. Ei etnisk gruppe deler grunnleggjande kulturelle verdiar.* Til dette kan vi seie at det er ein tendens til at visse verdiar er overrepresenterte i nynorskområde, samanlikna med bokmålsområde (jf. Hellevik og Teigen 2001). Dette er sett utifrå, og det er ikkje noko krav om at ein må dele alle – eller nokon – av desse verdiane for å vere nynorskbrukar. Fredrik Barth legg vekt på variasjon i ei gruppe - somme menneske syner mange drag som knyter dei til ei gruppe, andre få (Barth 1969:29). Det gjeld naturlegvis også nynorskbrukarane.

*3. Ei etnisk gruppe har sitt eige område for kommunikasjon og samhandling.*

Nynorskbrukarane har til rådvelde eit slags alternativt samhandlingsnettverk eller ei parallell offentlegheit på nasjonalt plan, med eigne organisasjonar, forlag, blad og andre tiltak der språk står sentralt. Nettverket er langt frå fulldekkjande. På lokalt plan finst det også nettverk, som varierer i styrke og breidde. Kjell Venås skriv at "det finst område i landet der nynorsk står så sterkt at det er med ein viss grunn nokon har lansert nemninga "Ny-Noreg" for å få fram dette" (Venås 1997b:363). I slike område treng ikkje nynorskbruk vere ein bevisst del av samhandlinga, men eit naturleg val som ikkje blir knytt til noka oppfatning om særpreg. I somme område dominerer nynorsken i det offentlege rommet på dei fleste plan, i nynorske randsoneområde er bruken av målforma mest knytt til det offentlege.

*4. Ei etnisk gruppe har eit medlemskap som blir gjenkjent av medlemmene sjølve og av andre, på den måten at det utgjer ein kategori som er muleg å skilje frå liknande kategoriar.*

Nynorskbrukarar flest vil etter alt å dømmе erklære seg som nynorskbrukarar når dei blir spurde om kva målform dei bruker eller liker best å bruke. Dei utgjer dermed ei gruppe i statistisk forstand. Kategorisering utifrå av brukarane er også vanleg (jf. Råbu), men – som vi

veit – utan synlege kjenneteikn som andre grupper kan ha.

5 + 6. *Geografisk utbreiing og eit indre samhald* blir lagt til som kjenneteikn for etniske fellesskap av Anthony D. Smith, professor i etnisitet og nasjonalisme (Smith 1991:21). Slike fellesskap uttrykkjer ein sterkare eller tydelegare grad av etnisitet enn ein etnisk *kategori*, men denne forskjellen betyr ikkje noko i vår samanheng. Viss vi legg til det geografiske aspektet som Smith nemner, ser vi at nynorsken har eit geografisk kjerneområde (jf. Teigen 2001). Ei samkjensle tufta på språkbruk blir påvist av meg i spørjeundersøkinga mi blant nynorskbrukarar i etermedia (Vestad 2001), og det kan gje grunn til å påstå at det same gjeld ein hard kjerne nynorskfolk.

Etnisitetsomgrepet er ein analytisk reiskap som kan nyttast for å kartleggje og forstå handlingsmønster og å skilje mellom grupper som vi kan peike ut og kjenne att på mange måtar. Sia vi finn etnisitet i møte mellom *ulike* etniske grupper, kan møte mellom bokmåls- og nynorskbrukarar i teorien få fram etnisitet. Det held å peike ut *ei* gruppe, sia det å finne ei gruppe, underforstått medfører at det finst andre. Denne gjennomgangen syner drag som iallfall kan *peike* mot etnisitet.

### **Nynorskbrukarane som ei muleg etnisk gruppe**

Etnisitet er både tilskrive og sjølvverklært, men berre "i den grad personer føler seg som medlemmer, vil de selv handle ut fra det og derved gjøre etnisitet til en atferdsmessig realitet" (Barth 1994:175). Vi kan likevel behandle etnisitet på både individ- og samfunnsplan, sia etnisk tilhørigheit får følgjer for enkeltmenneske. Le Page og Tabouret-Keller meiner at kvart menneske formar sine oppfatningar, og går inn i fellesskap som blir prega av den graden og måten vi overfører oppfatningane våre på til dei vi har rundt oss. Både ut frå Barth og Smith kan vi elles seie at drag av etnisitet *kan* finnast utan at medlemmene i ei etnisk gruppe har nokon klar etnisk identitet. Eg nemner dette sia vi nordmenn ikkje har vore vane med å bruke omgrepet på oss sjølve. Når eg lell ikkje utan vidare kan definere nynorskbrukarane som noka eiga etnisk gruppe ut frå definisjonen til Barth, heng det saman med a) den sosiale organiseringa, og b) dei kulturelle særdraga.

Sjølv om det finst mange nynorske aktørar i samfunnet og ei viss nynorsk offentlegheit, utgjer ikkje dette noko (alt)omfattande nettverk for samhandling på sida av eller som alternativ til det eg her kallar det felles-norske. Som eg har vist, er det ikkje minst i kulturlivet og media at den nynorske offentlegheita står sterkast. Det er rett nok som eit tilbod, og det utelukkar dermed ikkje at ein tek del i eller føretrekkjer andre kulturarenaer.

Barth seier at det kulturelle blir omslutta av dei etniske grensene. Frå sin antropologiske synsstad meiner han det interessante er å sjå på dei etniske *grensemarkørane* som definerer

grupper, ikkje på det kulturelle innhaldet som er knytt til gruppa (Barth 1969:15). Folk kan knyte eksempelvis bunad, fele, graut, ringdans, setring og ungdomslag nærare til nynorsken og nynorskbrukarar enn til bokmål og bokmålsbrukarane, men ikkje nødvendigvis. Men – slike og andre kulturdrag har ikkje vekt til å markere etnisitet i samfunnet vårt.

Det er ikkje råd å sjå at ei muleg etnisitetsgrense mellom norskspråklege skil tydeleg mellom kulturen til nynorsk- og bokmålsfolk, heller ikkje at noko slikt påverkar organiseringa av dei og samhandlinga gruppene imellom sett under eitt. Men det finst *tendensar* til at særdrag kan følgje eit kulturelt og organisatorisk mønster (sjå til dømes Randen 1997:137). Om vi ikkje kan bruke omgrepet etnisitet, meiner eg vi kan sjå sosiale og kulturelle drag som kan vere latente markørar av etnisitet. Med det meiner eg at somme av dei nemnde fenomena eller andre teoretisk kan tenkjast å få større vekt enn dei har i dag, og dermed kunne fungere som etnisitetsskilje mellom samfunnsgrupper.

### **Etnisitetstest nummer to av nynorskbrukarane**

Omgrepet 'etnisitet' kan ikkje forkastast så lett. Eg vil bruke ein modell for å sjå om problemstillinga mi har noko for seg. Thomas Hylland Eriksen (1998:368-371) presenterer modellen, som syner gradar av det som blir kalla etnisk inkorporering. Modellen er utvikla av Don Handelman og skal syne kva vekt etnisitet kan ha i organiseringa i samfunn.

Det svakaste kjenneteiknet på etnisitet i modellen er ein *etnisk kategori*. Medlemmene har ein etnisk identitet som blir ført vidare til nye generasjonar, dei har kulturell kapital felles, og ei erkjenning av særpreg. *Etnisk kategorisering* er ein føresetnad for sosial organisering av etnisitet, men på dette punktet treng ikkje den etniske identiteten få uttrykk i samfunnsliv og politikk. Det neste kjenneteiknet er *det etniske nettverket*, der ei mengd samhandlingsmønster er avhengige av ein viss etnisitet. Ein får kjennskap til folk og får tilfredsstilt ein del av behova sine gjennom etnisk tilhørighet, og ein får til dømes jobb eller finn ektemake på etnisk grunnlag. Eit tredje nivå er *den etniske foreininga*, og nå kan ein med rette snakke om etniske grupper. Grunnen er at det etniske fellesskapet har ein målretta, samlande organisasjon med mål som er definerte på etnisk grunnlag. Her finn vi eigne forum, foreiningar og parti. Det fjerde og siste nivået er *det etniske samfunnet*. Det har ei klar territoriell avgrensing, der ei etnisk gruppe dominerer i eit område. Men eit eige geografisk område er ikkje avgjerande for å kunne rekne med eit eige etnisk samfunn, skriv Hylland Eriksen, og bruker som døme at kinesarar som bur utafor Chinatown i hovudstaden på Mauritius lell kan få dekt behova sine i det kinesiske samfunnet på øya (Eriksen 1998: 369-372).

Handelman-typologien er ein såkalla Guttman-skala, og det vil seie at kvar av kategoriane inneheld kjenneteikna til den førre kategorien, i tillegg til nye kjenneteikn. Dette er ein

implikasjonsskala, det vil seie at ein går ut frå at det finst ein indre samanheng mellom variablane, dei føreset kvarandre. Men kan vi bruke denne modellen om nynorske forhold?

### *Implikasjonsskala om nynorsk og etnisitet*

Kategori	x			
Nettverk	(x)	(-)		
Foreining	x	x	x	
Samfunn	?	x	x	(x)
	Etnisk id.	Samhandling	Pol. org.	Felles territorium

Det finst som nemnt ei kategorisering av nynorskbrukarane i det norske samfunnet, og vi kan også finne oppfatningar om særdrag ved nynorske menneske. Vi kan altså seie at ein eigen etnisk nynorsk identitet som finst som ei mulegheit i samfunnet. Denne mulege identiteten kan vise seg i samhandling gjennom visse nettverk, som er neste del av modellen. Eit krav er at identiteten skulle bli ført vidare frå generasjon til generasjon. Val av målform er ei identitetshandling, og cirka halvparten av dei som har nynorsk som hovudmål i grunnskulen, held på nynorsk som sitt skriftspråk seinare i livet (Hellevik 2001). Også utafor dei områda der nynorsken er mest brukt, finn vi døme på at foreldre får barna sine til å bruke nynorsk. Dette passar med modellen.

Det finst ein avgrensa nynorsk arbeidsmarknad i media, i skuleverk, offentleg administrasjon og organisasjonsliv, der bruk av nynorsk er ein føresetnad for utføringa av arbeidet. Men språkkravet ekskluderer ikkje menneske som har bokmål som fyrstespråk frå å få arbeid på denne marknaden. Ein siste faktor er giftarmål. Det å ha felles språksyn og kulturelle verdiar kan føre folk saman, men ulik målbakgrunn er ikkje til hinder for at folk finn kvarandre! Derfor avviser eg samhandling på etnisk grunnlag i denne modellen.

Den neste faktoren er foreiningsverksemd som viser seg att politisk. På dette punktet har nynorskbrukarane mye å vise til, det vil seie dei mest aktive og bevisste nynorskbrukarane, målfolka. I tillegg må det nemnast at delar av det politiske Noreg og organisasjonslivet elles har vorte sett på som medspelarar og til dels ein del av den organiserte målrørsla. Her ser vi at det politiske, det kulturelle og språkideologiske møtest, og kanskje like gjerne kunne ha vore plassert på det førre punktet – samhandling på eit muleg etnisk grunnlag. Sia organisasjonane i prinsippet er opne, og finst som eit tilbod til alle, passar dette med modellen.

Det siste kjenneteiknet gjeld felles territorium, og vi finn eit etter måten samanhengande område der nynorsk dominerer eller er mye brukt. Sogn og Fjordane fylke er eit slikt område, rett nok med bokmålsøyar, og i andre fylke finn vi fylkesdelar og kommunar som kan reknast som nynorske territorium om ein ønskjer å sjå det slik. Vi finn mellom anna ein eigen interesseorganisasjon (Landssamanslutninga av nynorskkommunar, LNK) for

nynorskområda, og LNK arbeider ikkje berre med språkspørsmål. Ei anna sak er kor mye makt organisasjonen har, og da ser vi at dei same lovene og reglane gjeld i det nynorske Noreg som i det bokmålske Norge. Vidare kan ein spørje om ein etnisk identitet fører til andre slags samfunn i ”nynorskland” enn i område der bokmålet dominerer. Håvard Teigen (2001) antyder at det kan vere tilfelle, men samstundes har lokalsamfunn like punkt og særdrag som går på kryss og tvers av det språklege. Sjølv om det nynorske finst som ein geopolitisk størrelse både lokalt og nasjonalt, meiner eg at det ikkje gjer det i ein meir omfattande etnisk forstand. Derfor slår ikkje denne faktoren fullt til i modellen for nynorskbrukarane sin del.

Det nynorske Noreg passar ikkje inn i modellen, og nynorskbrukarane er heller ikkje etter dette ei eiga etnisk gruppe. Men det kan likevel vere råd å seie at etnisitet finst som eit muleg element ved forholda mellom bokmåls- og nynorskbrukarar i Noreg. Dette betyr at etnisitetsomgrepet kan vere til nytte i ein norsk samanheng.

## **Grupper og individ**

Om vi vender attende til Fredrik Barth, så legg han vekt på grupper av enkeltmenneske. I samfunn med fleire etniske grupper, der ei gruppe dominerer, blir samhandlinga mellom gruppene vurdert ut frå det rammeverket til majoriteten. Det som gjev status i ei mindretalsgruppe, kan vere utan verdi for fleirtalet. Ein som ønskjer innpass i storsamfunnet, kan seie frå seg medlemskapet i den opphavlege gruppa si (Barth 1969:31). Overført på norske forhold kan det å byte frå nynorsk til bokmål som skriftspråk, bli sett som ein parallell. Val av målform kan bli sett på som ei identitetshandling, rett nok ikkje like bevisst støtt, og heller ikkje like friviljug i alle samanhengar. Men når folk oppgjev at dei bruker nynorsk, er det ei handling som gjev uttrykk for ein bestemt språkleg identitet.

Etnisitet er eitt av mange drag som utgjer identiteten til eit menneske, kva identitet ein framstår med, varierer etter samanhengen. Det same gjeld kva gruppe ein ønskjer å vise at ein høyrer til. Den sosiale identiteten avgjer i stor grad kva ein meiner om sitt eige samhandlingsfellesskap og om andre, og kan vise seg att i haldningar og språkbruk som er tilpassa gruppa ein sjølv reknar seg til. Parallellane til etnisitetsomgrepet er fleire.

Dette betyr at menneske som identifiserer seg sterkt med nynorsken og den tradisjonen nynorsken står i, kan kjenne fellesskap og få fellestrekk. Sjølvoppfatninga kan bli negativ eller positiv, alt etter kva haldningar dei møter (Hogg/Abrams 1989:26-27). Det vil seie at ein nynorskbrukar kan ta til seg ei muleg negativ haldning til nynorsk hos fleirtalet, som nyttar bokmål. Men au det motsette kan skje, at motstand og nedvurdering fører til at ein vel å sjå på si eiga gruppe som verdifull, spesiell og forvaltar av gode verdiar. Ein slik identitet kan gje utslag i visse handlingar, som at ein blir med i Noregs Mållag, abonnerer på Dag og Tid og føretrekkjer forfattarar som skriv på nynorsk. Her meiner eg vi kan sjå eit skilje mellom

nynorskbrukarar sett under eitt, og målfolk. Bruker ein nynorsk, er ein nynorskbrukar, logisk nok, medan det skal meir til for å vere eit målmenneske.

Nynorskordboka forklarar 'målmann' som "person som er tilhengjar av nynorsk målreising og bruker nynorsk" (NOB:411). Dette forpliktar meir enn "berre" det å bruke nynorsk, og medfører at ein identifiserer seg med andre som bruker målforma. Det er jo ikkje sagt at val av målform *treng* ha noko å seie for enkeltmenneske i Noreg. Og det er hos målfolk eg trur vi lettast kan oppdage *drag* av etnisitet. For å setje dette i relieff: Thomas Hylland Eriksen skriv at "For norskamerikanere i Minnesota skjer det kanskje to-tre ganger i året at deres etnisitet blir tematisert" (Eriksen 1998:368). Med dette i minnet, vil eg hente fram att eit anna omgrep som eg ser som klargjerande.

### **Førestelte fellesskap og etnisitet**

Å rekne seg som medlem i ei etnisk gruppe er å føle seg heime i eit førestelt fellesskap, men eit førestelt fellesskap *treng* ikkje føre til danninga av noka etnisk gruppe. Som Barth tillet Anderson medlemmene å ha varierende samkjensle og fellestrekk med fellesskapet, og det sentrale er oppfatninga av at nokon hører til fellesskapet, andre ikkje. Den organiserte delen av nynorskbrukarane og andre med sterk nynorsk identitet kan oppleve eit fellesskap som går på tvers av geografi, slekt og kjennskap, ut frå same erfaringar og syn i saker som kjennest viktige for dei. I denne gruppa kan det vere råd å sjå ei sterk vektlegging av røter og opphav (jf. Barth 1969:13). At målfolk er med i fellesskapet, kan dei vise ved til dømes å a) bruke nynorsk bevisst, b) støtte ulike tiltak knytt til målrørsla, c) dele ein del verdiar og interesser, men ikkje alle, som tradisjonelt er knytt til norskdom, motkultur og det nynorske. Dette kan gjelde ei motkulturell sak, interesse for folkemusikk eller kunsthandverk, eit engasjement for utkantane, motstand mot EU eller liknande. Dei "personleg nynorske" *kan* oppleve Noreg som eit kulturelt sett delvis kløyvd samfunn, der det norske er delt mellom det nynorske og det bokmålske som handlings- og samhandlingsalternativ.

Det førestelte fellesskapet, som vi kan kalle Nynorsk-Noreg, har eit geografisk tyngdepunkt, og er også ein faktor på nasjonsplan, ja, kanskje ikkje minst der. Nynorsken er ei av dei to offisielle og jamstelte målformene i Noreg, og hentar og får støtte frå lover og reglar, frå medium og skuleverk, akkurat som det andre store språklege fellesskapet i Noreg, Bokmåls-Norge. Men dette fellesskapet ser vi sjeldnare uttrykt, trass i at det ikkje skulle vere noko prinsipielt annleis å ha eit like nært forhold til bokmål som til nynorsk. Årsaka er sjølvsagt at fleirtalet sjeldan *treng* definere eller rettferdiggjere seg.

Like viktig er det at Nynorsk-Noreg er ein *mental* størrelse. Her finn vi målorganisasjonar og det som i mållagssjargong blir kalla "nærskylde tiltak", som forlag, blad, kaffistover osv, men også nynorskklasse i bokmålsområde. Dette blir ein parallell til Svenskfinland i Finland, som

er ”inte bara ett geografisk begrepp utan innebär också ett socialt nätverk med olika slags aktiviteter” (Svenskt i Finland:6). Det nynorske fellesskapet er i kjernen tufta på språkbruk i dag, men har også som vi ser ei (mot)kulturell side, som kan bli vurdert som viktigare og meir omfattande sett frå nynorskhalde enn det samfunnet utafor ser og meiner. Det gjeld vel å merke hos dei som reknar seg som medlemmer i fellesskapet. Og *det* kan det vere færre enn før som gjer, i tråd med nedgangen i medlemstal i politiske og friviljuge organisasjonar, og dyrkinga av enkeltmenneske i mange samanhengar.

Eit førestelt fellesskap må eksistere for at ei etnisk gruppe skal finnast, om forholda ligg til rette for det. Målfellesskapet i Nynorsk-Noreg oppfyller eit stykke på veg vilkår som må vere til stades for at ei etnisk gruppe skal kunne eksistere.

### **'Etnisk gruppe' – nei, 'etnisitet' - ja**

Eg har vist at nynorskbrukarane under eitt ikkje oppfyller vilkåra for å utgjere ei etnisk gruppe. Samstundes finst det drag som likevel gjer at eg synest at vi ikkje utan vidare kan forkaste etnisitetsomgrepet: kategorisering, tilvekst, geografisk tyngdepunkt, nettverk og institusjonelle aktørar. Vidare finst det tendensar som tyder på visse kulturelle skilje, og statistikken syner mulege samanhengar mellom målform og verdiar og utviklingsdrag. Nynorskfolk er ikkje heilt som alle andre. Attåt eit nynorsk fellesskap ser eg det eg har kalla *latent etnisitet* som eit muleg element på punkt etter punkt. Dette er etnisitet på sitt svakaste, som ei mulegheit.

## Kapittel 5: Drøfting

### Vanskar med etnisitetsomgrepet

Eit spørsmål som dukkar opp, er om vi kan ha nytte av eit omgrep som etnisitet utan å kunne kalle dei kategoriane som blir skilde, for etniske grupper. Eg har vist at nynorskbrukarane under eitt ikkje står fram som noka eiga etnisk gruppe, og dermed gjer heller ikkje bokmålsbrukarane det. Dette kjem eg attende til. Dessutan får vi eit problem i og med at mange av oss vekslar mellom dei to målformene. Er vi da etnisk nynorske eine stunda, og etnisk bokmålske den andre stunda? Sjølv sagt ikkje. Men vi kan syne ulike identitetshandlingar i kvart av tilfella, og dei kan førast attende til det sosiokulturelle spennet vi finn i Noreg. Går vi til Finland, kan vi seie at ein finlandssvenske held på tilhørsla si i Svenskfinland om han bruker finsk, men han kan au ha ein tospråkleg identitet. Verkelegheita er ikkje så fasttømra som ei inndeling i etniske grupper kan få ein til å tru, eller ei teoretisk drøfting lik denne. Det at nynorskbrukarane ikkje er noka einsarta gruppe, aktualiserer omgrepet. Det vil eg syne når eg drøftar korfor eg meiner etnisitetsomgrepet let seg nytte, *utan* at eg ser på bokmåls- og nynorskbrukarane som ulike etniske grupper.

Nynorsk- og bokmålsfolk "har same fordelinga av blodtypar, går i same klesdraktene, deltek i dei same idrettane og har dei same matskikkane", skriv sosiologen og språkpolitikaren Olav Randen (Randen:137), og held fram: "No ja, nesten iallfall. På ein landsmøtefest i Noregs Mållag er bunaden det dominerande klesplagget for både kvinner og karar, medan landsmøteutsendingane i Riksmålsforbundet truleg er ikledde dress eller selskapskjole". Randen nemner også andre mulege skilje i åtferd mellom mållags- og riksmålsfolk, som at dei siste er betre i golf og "nok tek til seg meir enn kvoten av chateaubriand og indrefilé" (s.st.). I forholdet mellom nynorsk og bokmål meiner Randen at grenselinja går innafor kvar av oss, og at vi har ein nynorsk- og ein bokmålsdel i oss, alle saman. Men styrkeforholdet er ulikt alt etter kva språk ein har valt som hjertespråk – om ein da har valt.

Det eg meiner verkeleg kan gjere omgrepet etnisitet vanskeleg å svelgje i ein norsk samanheng, er at vi er vane med at det skal vere svært tydelege eller skarpe skilje mellom etniske grupper. Vi *veit* at forholdet mellom brukarane av bokmål og nynorsk for eksempel ikkje kan samanliknast med forholdet mellom serbarar, kroatar og muslimar i Bosnia – som før hadde serbokkroatisk som felles skriftspråk. Nå har dei tre ulike og gjensidig forståelege målformer. Ei samanlikning med Bosnia kan gjere at vi føler det upassande å snakke om etnisitet hos oss. Samstundes må vi hugse at omgrepet i seg sjølv er ein nøytral analysereiskap, og slik sett ikkje ladd med konflikt og krig, heller ikkje med gen.



I sosialantropologien, som hos Barth, er det grupper som samhandlingsfellesskap som til vanleg er i fokus. Dei kan like gjerne ha opphav i religion og kastevesen som i språk eller geografi. Gruppene treng heller ikkje vere store, men må kunne skiljast ut. I sosiologien har ein på si side helst sett på trekk ved grupper som ein finn ut frå eigenskapar som kjønn, alder, utdanning osv.. Det er eit slikt syn språkprofessor Jan-Terje Faarlund ber fram når han seier at det ikkje finst nokon ”nynorsk etnisitet i vanleg meining. Nynorskfolk har ikkje anna felles enn språket --- anna enn visse statistiske samhøve” (Faarlund:187). I sosialantropologien er eigenkategorisering viktig, og etniske grupper er ikkje det same som utpeikte kategoriar, lik grupper og klasser i sosiologisk og sociolingvistisk forstand. Med "sosiologiske auge" kan det derfor vere vanskeleg å oppdage organisering i etnisk forstand ut frå kulturelle skilje hos nynorsk- og bokmålsbrukarar.

### **Etnisitet er dynamisk**

Eg ser også andre vanskar ved å bruke etnisitetsomgrepet i ein norsk-norsk samanheng. Kan vi bruke omgrepet dersom det berre er ein hard kjerne nynorskbrukarar – målfolk - som syner særdrag som gjer at omgrepet kan ha meining? Vel, at mange nynorskbrukarar ikkje kjenner seg spesielt knytte til nynorsken som målform og til nynorsk kulturtradisjon, vil ikkje vere noko argument mot ein påstand om at nynorskbrukarane som eit heile utgjer ei eiga gruppe. Det same gjeld elles ei fråskrivning av medlemskap i eit slikt førestelt fellesskap, for ei gruppe kan kategoriserast utafra. Og vi kan au sjå på kjernegruppa målfolk som ein slags entreprenørar, som kan ha ein politisk dagsorden og kan handle utan samsvar med ”gruppens kulturelle ideologi eller den folkelige viljen” (Barth 1994:175). Samstundes er det slik at ei majoritetsgruppe ikkje kan hindre andre frå å sjå på seg sjølv som ei særeiga gruppe. Dersom målfolk vel å sjå på seg sjølv som ei etnisk gruppe, er dei ifølgje Barth det. Nå er ikkje det tilfelle. Likevel meiner eg at eksistensen av det førestelte fellesskapet Nynorsk-Noreg aktualiserer bruk av etnisitetsomgrepet i det Barth kallar ein organisatorisk forstand (Barth 1969:14).

Vi må også vere klare over at dei eigenskapane som skil mellom etniske grupper, kan variere og er vilkårlege. Hårfrisyrer i Ecuador og religion i Nord-Irland er to døme (Barth 1994:175, Eriksen 1998:363). Frå ein lingvistisk ståstad er det muleg å sjå ein saussursk strukturalisme her: Det er eit vilkårleg forhold mellom uttrykk og innhald, mellom kulturdrag og det dei markerer.

Språk er ofte eit viktig etnisitetsmerke, og for lekfolk er *det* tydelegast i samfunn der fleire klart ulike språk blir nytta. Det kan au skje i land med mindre skilnad mellom språkformer. I Estland ser vi at etnisitet blir nytta til å skilje mellom ulike grupper estarar. Attåt det eg her vel å kalle riksestar, finn vi to etniske grupper (somme meiner ei) som deler eit anna estisk språk, Võro-Seto-språket. Båe folkegruppene bur i søraust-Estland, og dei skil seg klart frå kvarandre og frå riksestane. Võro-folket er lutheranarar eller utan kyrkjetilknytning, og liknar

slik sett estarar flest. Seto-folket er ortodokse, kulturen er meir russisk-prega, og har dessutan andre drag som skil denne folkegruppa frå andre estarar (Eller:3-4). Nynorskbrukarane under eitt, men tydelegast dei som hører til Nynorsk-Noreg, har tendensar til slike særdrag. Særdraga er ikkje absolutte, og hindrar eller hemmar vanlegvis ikkje samhandling, slik som religionen kan gjere i Nord-Irland og Bosnia. Men dei finst.

Etnisitet er ikkje statisk, og kulturelle særdrag som skil mellom grupper, kan endre seg og få ny vekt (Barth 1969:38). Nye kulturelle drag og drag som tidlegare har vore uvesentlege, kan begynne å fungere som grensemarkørar mellom grupper. Det opnar eksempelvis for at skulemålet kan vere viktigare for nynorskfolk nå enn før, eller bli det, og for at dei som vel å bruke (mest) nynorsk, gjer det meir bevisst enn generasjonar før. Ei undersøking frå Finland syner at språket har fått ny vekt for unge finlandssvenskar - mindre vekt på ein måte, utan at det tek frå dei ein finlandssvensk identitet (Lövdahl 2001). Svenskspråklege møteplassar som skular, foreiningar og bestemte butikkar er vel så viktige som kva språk ein bruker mest til kvardags, viser det seg. Samhandling med finsktalande og stor bruk av finsk i dagleglivet, tek ikkje frå finlandssvenskane bevisstheita om at dei utgjer ei eiga gruppe. Dette passar godt med oppfatninga av at grenser mellom ulike grupper menneske er avhengige av lokale situasjonar, dei er ikkje er opphavlege og fundamentale (Barth 1994:175). Og sjølv om det blir færre kulturelle skilnader mellom grupper, treng ikkje det føre til at viktigheita av etnisk identitet blir mindre. Det motsette kan skje – ofte er det dei som lever i utkanten av eller utafor den etniske gruppa som kan ha sterkast etnisk identitet (Eriksen 1998:368).

Etniske grupper kan dannast, slik at ein kan få nye etniske grupper, ifølgje Barth. Eg går ut frå at Barth ikkje berre tenkjer på dei gruppene som har vakse fram på grunn av innvandring, og som etter kvart får eigne kulturelle drag, men au på at "eldre" grupper kan oppdage eller utvikle eigne etnisitetsmarkørar. Arabarane i Palestina framstår som palestinarar i dag, og det er eit namn dei ikkje ville brukt på seg sjølve før andre verdskrigen, til dømes. Og om ein sunnmørsk identitet fekk følgjer for politikk, økonomi og val av ektefelle "da ville sunnmøringene være en etnisk gruppe" (Eriksen 1998:365). Eit mindre tenkt døme finn vi hos dei finske sosiologane Erik Allardt og Christian Starck. Dei skriv at finlandssvenskane har "alt tydligare börjat ha etniska minoritetens egenskaper och oppfattar sig också som en sådan". Før var det vanleg at finlandssvenskane meinte at det fanst "ett medborgarskap men två nationaliteter" (Allardt/Starck:87). I Noreg var norskdomsstrebet, som kampen for nynorsk var ein del av, fyrst og fremst knytt til nasjonalstaten, og skulle dermed gjelde heile landet. Målsaka var ikkje regional. I dag ser vi at utbreiinga av nynorsk som hovudmål og bruksspråk er avgrensa til eit kjerneområde i større grad enn før. Den geografiske innsnevringa av nynorsken kan falle saman med regionale drag i kultur- og samfunnsliv, og ein nasjonal nynorsk ideologi og strategi kan bli – eller er i ferd med å bli - erstatta av ein *regional* ideologi og strategi for nynorsken (jf. Hoel 2001:28).

Relevansen av å ha syn for etnisitet kan au vise seg når vi ser på dei følgjane politiske vedtak kan ha. Offentlege vedtak som skaper ”lagnadsfellesskap” mellom menneske, kan utvikle seg frå å vere juridisk definerte kategoriar til å bli sjølvbevisste grupper. Om for eksempel den obligatoriske sidemålsundervisninga fell vekk, kjem ein del av landet til å hamne i eit nynorsk lagnadsfellesskap, og dette kan samverke med andre faktorar, forsterke regionale særdrag og føre til kulturelle skilje med følgjer for organisering og samhandling. Samstundes er det muleg at fleire ”vanlege” nynorskbrukarar enn før kan rekne språkbruk som ein viktigare del av identiteten sin. Slik kan moderne statar bringe fram klare skilje som skaper ”grunnlag for separate tilhørigheter som utvikler seg til etniske grupper” (Barth 1994:182). Sjølv om dette er hypotetisk for oss, er det verd å vere merksam på.

Det er vanleg å sjå på Noreg i dag som meir mangfaldig enn det var for eksempelvis for eitt hundre år sia. Samstundes blir det ofte peikt på at det var større skilje mellom by og land før, og at den norske kulturen bar i seg to til dels motstridande strømdrag – borgarskaps- og bondekulturen. Vi kan seie at det norske folket har vore gjennom både samling og oppsplitting det siste hundreåret. Utan å seie noko om latente – eller faktiske – etnisitetar fanst blant menneske med norsk som morsmål i Noreg for eitt hundre år sia, vil eg påstå at samfunnsutviklinga, med større individuell friedom og fleire slags grupper som samhandlar side om side, kan gjere etnisitetsomgrepet aktuelt no. I det minste kan det gjere det lettare å godta ein slik innfallsvinkel.

### **Nynorskbrukarane som ein minoritet**

Thomas Hylland Eriksen skriv at omgrepet ’etnisk gruppe’ til vanleg blir brukt om ei minoritetsgruppe med kulturelt særdrag, men at ein i antropologien kan nytte omgrepet au om majoritetsgrupper (Eriksen 1998:362). Eg har inntrykk av at den vide, antropologiske bruken av uttrykket breier seg, jamfør at ein no rett som det er kan høre om ’etniske nordmenn’. I januar 2002 fann eg 106 tilfelle av ’etnisk norsk’, 282 av ’etnisk norske’, 32 av ’etnisk nordmann’ og 309 av ’etniske nordmenn’ på internett. Til samanlikning fann eg 433 tilfelle av ’etniske pakistanere’(søkjemotoren Google, 3.1. 2002).

Ein minoritet er ei gruppe som er underlegen ein majoritet i tal, men minoritetsomgrepet har av og til vorte nytta side om side med store folkegrupper, for eksempel kvinner, svarte osv. – menneske som ikkje har hatt den sosiale makta og posisjonen som ei dominerande gruppe har hatt. Men vi må halde fast ved at det er *i tal* vi til vanleg skil mellom minoritet og majoritet. Dei tysktalande er ein minoritet i Romania, ein majoritet i Tyskland, og på same vis er dei tysktalande ein majoritet i Sør-Tyrol, men ein minoritet i Italia. Omgrepet minoritet er altså avhengig av situasjonen. I språkpolitiske samanhengar bruker ein heller omgrepet ’mindre brukt språk’, og vi har til dømes The European Bureau for Lesser Used Languages. Ein annan grunn til at somme er varsame med omgrepet minoritet, er å finne i eit negativt vedheng ved

ordet. Stephen May skriv at i nasjonsbygginga vart etniske minoritetar sett ned på, majoriteten såg ikkje på seg sjølv som 'etnisk', men som representant for det moderne, siviliserte livet (May:26). Minoriteten var ikkje det.

Viss ein ser på tal åleine, så kan ein kalle nynorskbrukarane for ein minoritet andsynes bokmålsbrukarane. Magne Oftedal slår dette fast i artikkelen *Is Nynorsk a Minority Language?* (Oftedal 1981). Som grunn gjev han at eit mindretal føretrekkjer å bruke nynorsk. Oftedal peiker også på at nynorsken attåt å vere nytta av eit mindretal, har nesten alle dei problema minoritetsspråk plar ha, med to unntak: Det nynorske språket blir forstått umiddelbart av dei som bruker majoritetsspråket, og det er heller ikkje i fare for å døy (Oftedal:129). Samstundes blir bokmål og nynorsk vanlegvis sett på som to variantar av det same språket, og ut frå eit slikt syn blir det vanskeleg å kalle nynorskbrukarane ein språkleg minoritet utan vidare. Å kalle nynorskbrukarane for ein språkleg minoritet og nynorsk for eit minoritetsspråk blir misvisande, fordi det gjer avstanden mellom dei to målformene og skiljet mellom brukarane større enn rett er.

### **Fleirtalet og mindretalet**

Bokmål dominerer som skriftspråk i Noreg, og det er språket til dei som alt i alt har tydelegast prega historia det siste hundreåret. Det bokmålske Norge kan syne handlingar også på eit organisatorisk plan som peiker i retning av etnisitet dersom det nynorske verkar påtrengande eller på andre måtar som noko uønskt eller som eit overgrep. Mang slags motstand mot nynorsk syner det. Språkbevisstheita finst sjølvsagt på båe sider. Ho er best organisert i ei – i dobbelt forstand – målretta kulturpolitisk nynorskrørsle. Mektigast framstår denne språkbevisstheita gjennom institusjonar som ikkje har vore nøydde til å kjempe fram eller kjempe for eit kulturprogram der språk har vore noko hovudemne. Riksmålforbundet er til dømes ein liten organisasjon, VG og Aftenposten gjer jobben. Nynorsken har av mange vorte rekna som eit unntak, eit avvik frå det normale norske. Eit døme på det er at det ofte blir snakka om undervisning i ”norsk” og ”nynorsk” i skulen – ikkje hovudmål (underforstått bokmål) og sidemål (altså nynorsk).

Etnisitet er jo ein situasjonavhengig eigenskap, og kan dermed aktualiserast ved visse høve. Frå tid til tid kjem eit språkleg-etnisk eller etnolingvistisk kulturelt område i det norske samfunnet til syne. Det kan vere snakk om sidemålsopplæring, om nynorskbruk i media, om språkavstemningar eller om retten til å få læremiddel på si eiga målform. Dette kan syne seg att i heite ordskifte, lesarbrevstormar, demonstrasjonar, underskriftsaksjonar og anna som syner at språkspørsmål blir opplevd som viktige. Dette viser til det språklege, men indirekte eller underforstått også mot ei breiare, meir allmennkulturell verkelegheit i landet vårt. Både på individ- og samfunnsplan blir dette spegla.

Nå er det elles slik at majoriteten står friast til å definere spelereglane i eit samfunn, og i Noreg har "bokmålssida" dominert. Det kan mellom anna ha ført til at enkelte kulturdrag og handlingsmønster har vorte underkommuniserte eller usynleg(gjorde). Også dette kan gjere det nyttig å sjå det norske samfunnet i lys av etnisitet som ein muleg faktor. Her kan også ein etnolingvistisk identitetsteori komme til nytte.

## **Etnolingvistisk identitetsteori**

Den etnolingvistiske identitetsteorien kan brukast om forhold mellom språklege grupper i ulike samfunn. Teorien kan au forklare korfor ulike grupper nyttar forskjellige strategiar, og syne grunnar til likearta haldningar til språkbruk i eit språkfelleskap (Hogg/Abrams:200). Her kan omgrepet etnolingvistisk livskraft nyttast. Denne livskrafta viser til korleis språkfelleskapet handlar og lykkast som ei klart avgrensa samfunnsgruppe, og livskrafta er avhengig av den måten samfunnet er bygd opp på med omsyn til samanhengen gruppene lever i. Dei faktorane som har mest å seie, er status, demografi og institusjonell støtte. Statusen til ei etnolingvistisk gruppe er høg dersom gruppa har økonomisk makt over lagnaden sin, god sjølvvurdering, er stolt over historia si, og språket til gruppa har eit anerkjent namn. Dette sikrar framtida til gruppa. Det demografiske momentet viser til kor stor gruppa er, og korleis ho er spreidd. Livskrafta blir styrkt av at mange gruppemedlemmer bur samla, at gruppa er stor andsynes utgrupper, at det er lite utvandring og få giftarmål ut av gruppa. Institusjonell støtte får språkfelleskapet ved at språket blir brukt i eksempelvis styringsverk, skule og media. (Hogg/Abrams:197-198). Som i den etnisitetsmodellen eg har presentert, ser vi at noko passar på nynorskbrukarane som ei gruppe, anna ikkje.

Ein må heller ikkje sjå seg blind på den livskrafta ei etnolingvistisk gruppe ser ut til å ha. Haldningar som lever sitt eige liv utafør råderommet til reglar og rettar, kan verke mot den formelle posisjonen til språkfelleskapet. Eit døme frå Noreg kan vere bruken av nynorsk i statsapparatet og NRK - minstemålet på 25 prosent nynorsk blir dei fleste stader på langt nær oppnådd.

Livskrafta til eit språkfelleskap påverkar språkbruken på same måte som andre forhold i samfunnsoppbygginga. Oppfatningar av korleis forhold er, kan her vere viktigare enn den objektive sanninga. Den gruppa som sit med makta kan framstille livskrafta til ei underordna gruppe som låg, til dømes for å hindre ei endring av styrkeforholdet i samfunnet. Påstandar om at det går dårleg med nynorsken, eller at nynorsken lever på grunn av offentlege tiltak åleine, kan vere eksempel her. Sanninga kan vere at livskrafta hos den underordna gruppa er god nok, men at ei verkeleg endring av tilhøvet ho lever under, er umuleg (Hogg/Abrams:200). Sjølv om nynorsk offisielt er jamstelt med bokmål, og nynorskbrukarane har dei same formelle rettane som bokmålsbrukarar, kan ikkje nynorskfolka rekne med å få

nøyaktig dei same ytingane som bokmålsbrukarane. Dette kan henge saman med mangel på vilje hos dei som skal gje desse tenestene, men også på kapasitet, kunnskap og pengemangel.

Ut frå ein etnolingvistisk tankemodell verkar det utenkjeleg at det nynorske språkfellesskapet nokon gong kan oppnå full jamstilling. Ei årsak er all verksemda som fell utafor dei rammene som språkjamstillinga gjev, ei anna er at nynorskbrukarane ikkje framstår som noka samla gruppe med klare krav om meir språkleg likebehandling. Rett nok blir det sett fram slike krav, men dei er ikkje sette fram av noka brei og stor folkerørsle. Eit spørsmål er da om dårlegare kår for nynorsken i samfunnet, ei allmenn kjensle av å bli språkleg undertrykt, ville kunne føre til folkeleg mobilisering til fordel for nynorsken.

### **Bruk og ikkje-bruk av etnisitetsomgrepet**

Eit argument *mot* konklusjonen min om at nynorsken er interessant å sjå i lys av etnisitet, kan vere at å bruke omgrepet i eit tilfelle der det ikkje er snakk om ulike etniske grupper, er å tømme omgrepet for innhald. Eg skjønner innvendinga. Dersom ein kan dra inn etnisitet i samband med bruk av skriftspråk som bokmål eller nynorsk, kan ein vel au gjere det om det er tale om religiøse eller politiske grupper? Ja, la oss ta religiøse grupper. Dersom det er slik at trusfellesskap som Smiths Venner eller Jehovas Vitne kan vise til drag som samsvarer med oppfatninga av etnisitet eg har lagt fram her, vil eg seie at det også her kan finnast ein latent eller faktisk etnisitet. Eg har ikkje undersøkt det, og uttaler meg varsamt. Det avgjerande er om det som skil ei gruppe frå ei anna blir gitt vekt, slik at det får følgjer for samhandlinga i samfunnet (Eriksen 1998:364-365). Eg vågar derfor å påstå at omgrepet kan la seg nytte.

Kan ein så få fram grensemarkørar og handlingsmønster mellom brukarar av bokmål og nynorsk utan å ty til omgrepet etnisitet? Langt på veg - ja. Det spørst kva ein er ute etter å avdekkje. Eg har alt nemnt omgrepet *sosial kategori*, som utan tvil kan nyttast. Eg meiner lell at eit sosiologisk perspektiv kan vere for statisk, og ikkje fange inn det mangedimensjonelle og dynamiske som etnisitetsomgrepet opnar for. Uavhengig av dette kan omgrepet '*motkultur*' gje meining, kanskje mest fordi det er eit innarbeidd omgrep nært knytt til målrørsla. Men vi må vere merksame på at den tradisjonelle motkulturen nynorsken har vore ein del av, er svekt. Samfunnsutviklinga har skapt større verdimangfald, og motkulturen er dessutan endra. Sigurd Skirbekk (2000) reknar også med ein moralsk motkultur, og rørsler som kjempar for naturvern, sjølvstende og mot ein liberal innvandringspolitikk (Skirbekk 2000:1-2). Dette kan gjere omgrepet mindre greitt å bruke. Eit *regionalt perspektiv* kan vi også sjå som relevant, men samstundes er dette problematisk. Som årsaker kan eg nemne språkløyvinga i nynorskområde, og at det nynorske er til stades utafor kjerneområdet, som i lokalsamfunn i Nord-Trøndelag og Nordland, og i "Nynorsk-Noreg". Det regionale perspektivet er derfor ikkje eigna til å fange det reelle forholdet mellom bokmåls- og nynorskbrukarar både regionalt, nasjonalt og mentalt.

Ein kunne også snakke om *språkleg identitet*, men da ville både språkløyvinga i mange av oss norskspråklege og gruppeperspektivet lett bli borte. Ein kan sjølvsagt halde seg til kategoriar som 'nynorsk' og 'nynorskbrukarar', og vere fornøgd med det. Men det viser seg jo at i Noreg er språk meir enn val av målform. Det er snakk om tendensar – ikkje meir enn det, men likevel - til val av bestemte parti, bestemte livssyn og livsstilar. *Minoritet* er også eit omgrep som kan nyttast, men det kan verke villeiande og passar best i samband med statistikk. Eit omgrep som *nasjon* har tidlegare vorte brukt, men er forelda i dag. Innafor det norske finst det kulturdrag og handlingsmønster som kan førast attende til det Arne Garborg kallar dei to nasjonar, og som møtest til grensekonfliktar nå og da. Etnisitet er ein realitet også *innafor* det norske, men altså som ein latent, organisatorisk faktor.

Desse omgrepa høyrer delvis til forskjellige fag med kvar sine tradisjonar. Sosiolingvistikken er open for impulsar frå andre fag, og dreg nytte av metodar og innfallsvinklar både frå psykologi, historie, statsvitskap og sosiologi. Sia omgrepet er etter måten nytt og har utspring i eit fag der ein har arbeidd mest med fjernare kulturar, er det forståeleg at norske sosiolingvistar ikkje har nytta det. Det kan vere vanskeleg å oppdage etnisitet om ein ikkje har fenomenet i tankane eller kjenner til det. Det kan au hende at somme har hatt hug, men ikkje har våga, fordi etnisitet har vorte knytt til fremmende kulturar og alvorlege konfliktar. Men dei viktigaste grunnane til at etnisitet ikkje har vorte nemnd i ein norskspråkleg samanheng, kan vere så enkle som at a) ingen har tenkt på det, eller b) har meint at omgrepet ikkje er til nytte hos oss. Nå fell iallfall a), og spørjeteikn er sett ved b).

## Kapittel 6: Samandrag og konklusjon

### Korfor omgrepet 'etnisitet' kan vere nyttig

Den etnisiteten eg ser, er etnisitet på sitt svakaste, som kategorisering, og eit meir omfattande handlingsmønster med latent etnisitet knytt til det førestelte fellesskapet Nynorsk-Noreg. Hos nynorskbrukarar kan vi finne eigenkategorisering, og ei viss gruppe ser ut til å ha ein viktig del av identiteten sin knytt til nynorsken, eit visst samhandlingsnettverk og tendensar til indre samhald. Også utover gruppa med "personleg nynorske" målfolk ser vi at nynorskbrukarane har ein etter måten sikker tilvekst av nye medlemmer, dei kan dele grunnleggjande verdiar, og finst dessutan eit geografisk kjerneområde. Dei er inga etnisk gruppe, men deler kjenneteikn med slike grupper.

Er det fruktbart å nytte omgrepet 'etnisitet' i ein norsk samanheng? Svaret på problemstillinga mi er ja, det kan det vere. Men til kva? Det fruktbare ved å nytte eit omgrep som etnisitet når ein ser på forholdet mellom bokmåls- og nynorskbrukarar, er at det kan gjere det lettare for forskarar i både humanistiske og samfunnsvitskaplege fag å oppdage samhald og samhandling, verdivurderingar og konfliktårsaker, bak mangfaldet og spennet i den "etnisk norske" kulturen, både i nyare historie og i samtida. Bruken av omgrepet opnar for ei forståing av kor viktige slike særdrag kan vere for handlingsmønsteret til enkeltmenneske og grupper. Eg skriv "kan vere", for det treng ikkje vere viktig for alle, ikkje ein gong for fleirtalet.

Med etnisitet i den sosiolingvistiske verktøykassa kan det vere lettare å oppdage ein muleg grunn til at somme forlet nynorsken - at krav som blir sette for "gode nynorskbrukarar" kan vere så harde "og så vanskelig å fylle, at de oppgir hele spillet", som Barth seier om ei gruppe (Barth 1994:180). Og omgrepet kan gjere det klarare korfor det kan vere så viktig for folk utafor typiske nynorskområde å prøve å få i gang nynorskklasse, eller kjenne aksept for å bruke målforma si i forretningsdrift og organisasjonsliv. Det same gjeld sjølv sagt bokmålsbrukarar. Det språklege peiker til røter, identifikasjon, tradisjon og viser seg i handling.

Eg kan ikkje fri meg frå at omgrepet etnisitet kan ha ein svip av mote ved seg. Thomas Hylland Eriksen skriv for eksempel om etnisk revitalisering (Eriksen 1998:366), den svenske språkforskarer Olle Josephson om "Etnicitetsfällan" (Josephson 2001), og sosiologane Allardt og Starck om "den etniska nyväckelsen" (Allardt/Starck:32). Ei slik revitalisering eller "vekkjing" har funnest hos samefolket. Eg har peikt på målfolket som ei gruppe med ein tydeleg nynorsk identitet, på regionaliseringa av nynorsken, og på det dynamiske ved etnisitet – som at etniske grupper kan oppstå. Men kulturelle minoritetar som ikkje har noko som særmerkjer dei som menneske utover språket, får ikkje automatisk drahjelp i arbeidet for



aksept og betra kår av at etnisitet har vorte noko storsamfunnet nå tek meir omsyn til. Det kan til dømes bli sett på som ei svakheit for finlandssvenskane som språkfelleskap at det einaste som verkeleg skil dei frå andre, er språket.

Sia nynorskbrukarane ikkje er noko etnisk fellesskap, men brukarar av ei målform som lever med formelle rettar og uformelle rammer, blir språkbruken dels det som identifiserer dei, dels eit uttrykk for ein kultur som både kan vere ulik, men også parallell til og ulik hovudstrømmen i samfunnet. Martin Skjekkeland nemner at i nokre bygdelag i Telemark han har undersøkt språkbruken i, er "det å *skrive* nynorsk langt på veg blitt ei identitetshandling" (Skjekkeland:111). Men i storsamfunnet kan dette vere ei handling som ikkje blir lagd særleg merke til. I Finland gjer nettopp det "usynlege" ved finlandssvenskane det lettare for enkeltmenneske å smelte saman med språkfleirtalet, samstundes som det svekkjer finlandssvenskane som språkleg fellesskap (Tandefelt:37).

Når vi så veit at nynorsken ikkje er utsett for mindre press enn før, kan ein latent etnisitet, slik eg meiner å finne han, både svekkjast og styrkast. Fredrik Barth peiker på at "ressurskonkurranse mellom befolkningar med avvikende kulturelle trekk (kan) gi støtet til mobilisering til kollektiv handling på grunnlag av etnisitet" (Barth 1994:181). I vurderingar av kva som kan skje om stoda til nynorsken blir truga i styringsverk, skule og media, vil det å ha auge for etnisitet kunne gjere det muleg å sjå om nye handlingsmønster og grenser dukkar opp og gamle blir forsterka av den latente etnisiteten eg finn: Om fleire nynorskbrukarar blir erklærte målfolk, om det blir mobilisert til fordel for den delen av norsk kultur som nynorsken er ein del av, om nynorsken har etnolingvistisk livskraft.

## **Det nynorske, dei nynorske og etnisitet**

Sjølv om eg har komme med nokre slutningar, står dei ikkje som nokon fasit ut over at eg meiner at etnisitet er eit omgrep som kan vere interessant å nytte i ein norsk samanheng. Eg har prøvd å plassere etnisitet i ei indre, norskspråkleg ramme, og meiner å ha synt at omgrepet kan vere nyttig i vitskapelege granskingar av norske forhold. Den motstanden eg har kjent på mot omgrepet, botnar i det uvande ved å sjå omgrepet etnisitet brukt i ein norsk samanheng.

Det etniske treng ikkje berre ha med fremmende folkeslag å gjere, men au med kultur og sosial organisering hos oss som kan kallast etnisk norske i Noreg. Ein dimensjon som kan forklarast ut frå eit omgrep som etnisitet, er også til stades i samfunnet vårt. Iallfall meiner eg det så sant vi godtek at historia om Noreg før og nå er ei søge om fleire kulturar, og om menneska som lever i og dyrkar desse tradisjonane. Og ein del av desse kjenner seg heime i det førestelte fellesskapet Nynorsk-Noreg.

## Kjelder

### Trykte kjelder:

- Allardt, Erik og Christian Starck: *Språkgränser och samhällsstruktur. Finlandssvenskarna i ett jämförande perspektiv*. Almqvist & Wiksell Förlag, Stockholm 1981
- Anderson, Benedict: *Imagined Communities. Reflections on the Origin and Spread of Nationalism*. Verso, London/New York 1991 (1983)
- Barth, Fredrik: "Introduction". I Barth (red.): *Ethnic Groups and Boundaries. The Social Organization of Cultural Difference*. Universitetsforlaget/George Allen & Unwin, Oslo/London 1969
- Barth, Fredrik: *Manifestasjon og prosess*. Det Blå Bibliotek. Universitetsforlaget, Oslo 1994
- Bokmålsordboka. Definisjons- og rettskrivningsordbok*. Universitetsforlaget, Oslo 1994 (1986)
- Brouwer, J.H.: "Mål og målreising i Frisland". I Alf Hellevik og Einar Lundeby (red.): *Skriftspråk i utvikling. Tiårsskrift for Norsk språknemnd 1952-1962*. Norsk språknemnd. Skrifter 3. J.W. Cappelens Forlag, Oslo 1964 (s. 211-222)
- Brunstad, Endre: *Nasjonalisme som språkpolitisk ideologi. Om nynorsk, frisisk og færøysk målreising*. KULTs skriftserie nr. 36. Noregs forskingsråd, Oslo 1995
- Coulmas, Florian (red.): *The Handbook of Sociolinguistics*. Blackwell Publishers, Oxford/Malden 2000 (1997)
- Crowley, Terry: "Linguistic diversity in the Pacific". Review Article. *Journal of Sociolinguistics* 3, 1999 (s. 81-103) - om Peter Mühlhäusler: *Linguistic Ecology: Language Change and Linguistic Imperialism in the Pacific Region*, Routledge 1996.
- Dubois, Sylvie og Megan Melancon: "Cajun is dead – Long Live Cajun: Shifitng from a linguistic to a cultural community". *Journal of Sociolinguistics* 1, 1997 (s. 63-93)
- Eller, Kalle: *Võro-Seto Language*. Võro Instituut, Võro 1999
- Eriksen, Thomas Hylland: *Små steder – store spørsmål. Innføring i sosialantropologi*. Universitetsforlaget, Oslo 1998
- Eriksen, Thomas Hylland: "Language in Identity Politics". Henta frå Unn Røyneland (red.): *Language Contact and Language Conflict*. Publications from the Ivar Aasen Institute No. 4. Volda College, Volda 1997 (s. 25-44)
- Fishman, Joshua A.: "Language and Ethnicity: The View from Within". I Florian Coulmas (red.): *The Handbook of Sociolinguistics*. Blackwell Publishers, Oxford/Malden 2000 (1997)
- Faarlund, Jan Terje: "Individuelt, lokalt og nasjonalt språk." Frå Elisabeth Bakke/Håvard Teigen (red.): *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*. Det Norske Samlaget, Oslo 2001 (s. 174-187)
- Grepstad, Ottar (red.): *Nynorsk faktabok 1998*. Nynorsk Forum, Oslo 1998
- Grepstad, Ottar: "Språk og institusjon". Frå Elisabeth Bakke/Håvard Teigen (red.): *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*. Det Norske Samlaget, Oslo 2001 (s. 92-116)
- Haugen, Einar: "Dialect, Language, Nation". I Pride, J.B. og Janet Holmes (red.): *Sociolinguistics; Selected Readings*. Penguin Books, Harmondsworth 1972 (s. 97- 111)
- Hellevik, Ottar: "Nynorskbrukaren – kven er han?". Frå Elisabeth Bakke/Håvard Teigen (red.): *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*. Det Norske Samlaget, Oslo 2001 (s. 117-139)
- Hoel, Oddmund Løkensgard: "Strategiske utfordringar for målrørsla". Frå Elisabeth Bakke/Håvard Teigen (red.): *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*. Det Norske Samlaget, Oslo 2001 (s. 15-41)

- Hoel, Oddmund Løkensgard: *Stoda for nynorsken*. Notat datert 12.11. 2002
- Hogg, Michael A. og Dominic Abrams: *Social identifications. A social psychology of intergroup relations and group processes*. Routledge, London/New York 1999 (1989)
- Johnson-Weiner, Karen M.: "Community identity and language change in North American Anabaptist communities". *Journal of Sociolinguistics* 2/3, 1998 (s. 375-394)
- Johnstone, Barbara: *The Linguistic Individual. Self-Expression in Language and Linguistics*. Oxford University Press, New York/Oxford 1996
- Le Page, R.B. og André Tabouret-Keller: *Acts of identity. Creole-based approaches to language and ethnicity*. Cambridge University Press, Cambridge 1985
- Le Page, R.B.: "A Sociolinguistic Theory of Language". I Florian Coulmas (red.): *The Handbook of Sociolinguistics*. Blackwell Publishers, Oxford 2000 (1997) (s. 15-32)
- May, Stephen: *Language and Minority Rights. Ethnicity, Nationalism and the Politics of Language*. Pearson Education Limited, Harlow 2001
- Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok* (NOB). Det Norske Samlaget, Oslo 1994 (1993)
- Nyrnes, Aslaug: *Det (ny)norske mennesket*. Det Norske Samlaget, Oslo 1985
- Oftedal, Magne: "Is Nynorsk a Minority Language?" Frå E. Haugen/J.D. McClure/D.S. Thomson: *Minority languages today*. Edinburgh University Press, Edinburgh 1981 (s. 120-129)
- Randen, Olav: *Farvel til språkmangfaldet?* Boksmia, Ål 1997
- Råbu, Anne-Berith: *To ulike norskfag? En undersøkelse av holdningene til nynorsk som sidemål blant elever i ungdomsskolen og den videregående skolen*. Hovedoppgave i nordisk språk og litteratur. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo, Oslo 1997
- Sande, Øystein: *Aviser på nynorsk*. Arbeidsrapport. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr.9. Høgskulen i Volda, Volda 2000
- Sandøy, Helge 1998: "The Diffusion of a New Morphology in Norwegian Dialects". *Folia Linguistica. Acta Societatis Linguisticae Europae* XXXII/1-2, 1998. (s. 83-100)
- Skirbekk, Sigurd: "To syn på språket". Frå *Kontur og kontrast. Ti essays om språk og kultur*. Orion Debatt, Det Norske Samlaget, Oslo 1967 (s. 77-90)
- Skjekkeland, Martin: *Tysk-danske lånord i nynorsk og i bygdemåla*. Forskningsserien nr. 16. Høgskolen i Agder, Kristiansand 1999
- Smith, Anthony D.: *National Identity*. Penguin Books, London 1991
- Svenskt i Finland*. Svenska Finlands folkting, Helsingfors 2001
- Tabouret-Keller, André: "Language and Identity". I Florian Coulmas (red.): *The Handbook of Sociolinguistics*. Blackwell Publishers, Oxford 2000 (1997) (s. 315-326)
- Tandefelt, Marika: "The Finland-Swedes – the Most Privileged Minority in Europe?" I Gunilla Blom/Peter Graves/Arne Kruse/Bjarne Thorup Thomsen (red.): *Minority Languages – The Scandinavian Experience*. Report 17, Nordic Language Secretariat, Oslo 1992 (s. 21-42)
- Teigen, Håvard: "Nynorsk og regional utvikling". Frå Elisabeth Bakke/Håvard Teigen (red.): *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*. Det Norske Samlaget, Oslo 2001 (s. 140-173)
- Veiden, Pål og Sollaug Burkeland: *Samfunnsvitenskapelig ordbok*. Spartacus Forlag AS, Oslo 1999
- Venås, Kjell (a): "Om å tilegne seg språket". I Kjell Venås: *Målvitenskap og målrøkt. Festskrift til 70-årsdagen 30. november 1997*. Novus forlag, Oslo 1997 (s. 73-89)
- Venås, Kjell (b): "Med nynorsk i 100 år". Fyrst trykt i *Mål og makt* 1986, gjengitt i *Målvitenskap og målrøkt. Festskrift til 70-årsdagen 30. november 1997*. Novus forlag, Oslo 1997 (s. 346-366)

Økland, Einar: "Post Mortem". Fyrst trykt i Bergens Tidende 26.1. 1996, gjengitt i *Frå helling, via hylling til halling. Essay, artiklar, epistlar*. Det Norske Samlaget, Oslo 1997 (s. 22-23)

### Nettkjelder:

Haugland, Valgerd Svarstad: "Nynorsk – meir enn eit språk?". Tale på haustseminaret til Noregs Mållag, 17. november 2001, [www.odin.dep.no](http://www.odin.dep.no)

Josephson, Olle: "Etnicitetsfällan." Artikkel i *Clarté* 2/2001, [www.clarte.nu/grafik/cl012/cl012\\_2.htm](http://www.clarte.nu/grafik/cl012/cl012_2.htm)

Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, [www.lnk-nytt.no/aarsmelding/index.html](http://www.lnk-nytt.no/aarsmelding/index.html) (1.4. 2003)

Lövdahl, Ulrika: "Finlandssvenskhet en livsstil." Nyheitsartikkel i *Hufvudstadsbladet* 4.12. 2001, [www.hbl.fi](http://www.hbl.fi)

Målbruksstatistikk: [www.riksmallsforbundet.no/gallup.html](http://www.riksmallsforbundet.no/gallup.html)

Skirbekk, Sigurd: *Norge – landet med 7 motkulturer. Skrevet for Norge i dag*. <http://folk.uio.no/sigurds/kulturanalyse/motkult.html> (23.11. 2001)

Vestad, Jon Peder: *Når skrift er tale: Haldningar til språk hos journalistar i etermedia*. Vestads vevstad 2001, [www.hivolda.no/jpv/islandsinnlegg.htm](http://www.hivolda.no/jpv/islandsinnlegg.htm)

Vikør, Lars S.: "Nynorsk in Norway". [www.sprakrad.no/nynor.htm](http://www.sprakrad.no/nynor.htm) (frå Vikør, Lars S.: *The Nordic Languages. Their Status and Interrelations*. Novus, Oslo 2001)